



Innst. S. nr. 158

(2006-2007)

**Innstilling til Stortinget
fra transport- og kommunikasjonskomiteen**

St.meld. nr. 17 (2006-2007)

**Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om eit
informasjonssamfunn for alle**

INNHold

1.	Innledning	5
1.1	Sammendrag	5
1.2	Komiteens merknader	5
2.	Status og utviklingslinjer	6
2.1	Sammendrag	6
2.2	Komiteens merknader	8
3.	IKT i økonomien	10
3.1	Sammendrag	10
3.2	Komiteens merknader	10
4.	Digital infrastruktur - tilgang, universell utforming og kompetanse for alle	11
4.1	Sammendrag	11
4.2	Komiteens merknader	12
5.	Forskning og utvikling	15
5.1	Sammendrag	15
5.2	Komiteens merknader	16
6.	IKT og næringspolitikk	17
6.1	Sammendrag	17
6.2	Komiteens merknader	18
7.	En døgnåpen forvaltning - elektronisk samhandling i og med offentlig sektor	19
7.1	Sammendrag	19
7.2	Komiteens merknader	20
8.	Personvern	22
8.1	Sammendrag	22
8.2	Komiteens merknader	23
9.	IKT-sikkerhet	25
9.1	Sammendrag	25
9.2	Komiteens merknader	27
10.	Økonomiske og administrative konsekvenser	27
10.1	Sammendrag	27
10.2	Komiteens merknader	28
11.	Forslag fra mindretall	29
12.	Komiteens tilråding	29



Innst. S. nr. 158

(2006-2007)

Innstilling til Stortinget fra transport- og kommunikasjonskomiteen

St.meld. nr. 17 (2006-2007)

Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om eit informasjonssamfunn for alle

Til Stortinget

1. INNLEDNING

1.1 Sammendrag

Informasjons- og kommunikasjonsteknologien (IKT) har forandra verda, ikkje berre ein gong, men fleire. Vår felles kunnskap i kombinasjon med rask teknologiutvikling gir store moglegheiter for ei vidare utvikling av informasjonssamfunnet. Digital kompetanse i befolkninga, gode offentlege tenester og føreseielege rammevilkår er naudsynt for at Noreg framleis skal vere eit av verdas beste land å bu i. At vår felles utvikling skal vere inkluderande og omfatte alle, er meir enn ei hjartesak for Regjeringa. Det er tvingande nødvendig.

IKT er i sin natur grenseoverskridande og grip inn på alle sektorar og samfunnsområde. Er det berre ein vilje til koordinering, gir dette store moglegheiter for gevinstar ved samordna utnytting av samfunnets felles ressursar. Dette bør skje gjennom eit godt samarbeid mellom privat og offentleg sektor, mellom innbyggjarar og myndigheiter, og mellom menneske med ulike evner og ressursar. Slik kan vi få til ei meir effektiv utnytting av offentlege ressursar, ei fornying og effektivisering av offentleg sektor og betre tenester til innbyggjarar og næringsliv. Slik kan vi oppretthalde og fornye eit konkurransedyktig næringsliv og heve den allmenne og digitale kompetansen i befolkninga.

Meldinga femnar breitt. Den grip fatt i fleire store tema, og byr opp til debatt om vesentlege vegval og utfordringar for fellesskapet. Den går inn på tema som omhandlar kompetanse og digital inkludering og set søkjelyset på ei utvikling der universelt utforma løysingar bør vere det føretrekte. Den føreskriv ei fornya og

effektivisert offentlig forvaltning med gode og standardiserte tekniske løysingar som kan nåast av brukaren når brukaren sjølv ønskjer det.

Meldinga set søkjelyset på næringsutvikling og auka IKT-forskning. Den tek for seg personvernspørsmål knytte til IKT-bruk, og den tek for seg samfunnsstryggeleik knytt til ein felles elektronisk infrastruktur som offentlege myndigheiter, næringsliv og dei fleste av oss er kopla opp mot. Regjeringa har mange mål og ambisjonar for samfunnsutviklinga, blant anna nedfelt i Soria Moria-erklæringa. Og somme av desse måla skal Regjeringa nå vesentleg lettare gjennom den retninga for IKT-politikken som meldinga gir.

Det er knivskarp internasjonal konkurranse om å skape verdiar gjennom IKT. Derfor er det viktig korleis vi legg forholda til rette for den einskilde, for bedrifter og for institusjonar, slik at Noreg kan ligge i første rekkje også vidare framover.

1.2 Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eirin Faldet, Svein Gjelseth, Irene Johansen, Torstein Rudihagen, Tor-Arne Strøm og Truls Wickholm, fra Fremskrittspartiet, Bård Hoksrud, Arne Sortevik og Hanne Dyveke Søttar, fra Høyre, Øyvind Halleraker og Trond Hellesland, fra Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, fra Kristelig Folkeparti, Jan Sahl, fra Senterpartiet, Jenny Klinge, og fra Venstre, fung. leder Borghild Tenden, vil vise til at informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) griper inn i alle samfunnsområder. Høy digital kompetanse i befolkningen, framtidsrettete IKT-løsninger i offentlig virksomhet og gode rammevilkår for vekst og innovasjon, er nødvendig for at Norge fortsatt skal ha et konkurransedyktig næringsliv og fortsatt være et av verdens beste land å bo i.

Komiteen er derfor tilfreds med at Regjeringen har lagt fram den første helhetlige stortingsmeldingen om IKT. Meldingen favner bredt, inneholder gode beskrivelser av helheten og har samtidig tydelige satsinger og prioriteringer. Komiteen vil vise til den gode mottakelsen som "Eit informasjonssamfunn for alle" har fått både i IKT-bransjen og blant så å si alle andre høringsinstanser. En felles forståelse for utfordringer og løsninger innenfor IKT er viktig for å nå viktige mål og ambisjoner for samfunnsutviklingen.

Komiteen vil trekke fram at ett av formålene med stortingsmeldingen er å bidra til en offentlig debatt om IKT-utviklingen som et viktig politikkområde i utvikling, der løsningene må utformes i en dialog mellom offentlige myndigheter, næringsliv og befolkningen.

Komiteen vil vise til at tverrpolitisk enighet om IKT-politikken er viktig for å skape forutsigbarhet vedrørende spørsmål som er avgjørende for vår evne til modernisering av offentlig sektor, innovasjon og nyskaping. Det er viktig at det offentlige opptrer som en medspiller, som yter borgere og næringsliv gode tjenester og service.

Komiteen vil i denne sammenheng vise til Skattemetodene IKT-satsing i de senere år og elektronisk selvangivelse, som et eksempel til etterfølgelse for andre deler av offentlig forvaltning.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, vil peke på at en offensiv statlig politikk for IKT og Internett er avgjørende for å skape vekst og utvikling, og nødvendig for å oppnå økt demokrati, inkludering og sosial utjamning og styrket rettsikkerhet i Norge.

Flertallet vil videre gi ros til KS og mange av deres medlemmer, for gode samarbeids- og koordineringsinitiativer.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre vil vise til mer spesifikke merknader under de enkelte kapitler, men vil allerede innledningsvis understreke at Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) må få et klart mandat fra Regjeringen til å utøve en langt sterkere koordinering enn meldingen legger opp til. Ikke bare FADs underliggende etater, men også de øvrige departementer og deres respektive underliggende statlige enheter må kunne instrueres og gis frister for å innføre tiltak der det er påkrevd for å nå målene i meldingen. Disse medlemmer mener fornyings- og administrasjonsministeren må ha mandat til å kreve samordning på tvers, spesielt i forhold til kravene som stilles for leveranser til det offentlige.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil peke på viktigheten av at ett departement skal ha ansvaret for koordineringen av offentlig forvaltning, samtidig som det skal ha ansvaret for statens overordnede IKT-politikk. Disse medlemmer viser til at man ønsker å etablere et Transport- og kommunikasjonsdepartement, og at dette departementet får

det samlede koordineringsansvaret for statens IKT-politikk.

Disse medlemmer konstaterer at Fremskrittspartiet med dagens flertall ikke vil få tilslutning til sitt standpunkt om at det bør opprettes et eget Transport- og kommunikasjonsdepartement, som også skal ha det overordnede og koordinerende ansvaret for IKT-politikken. Disse medlemmer vil derfor subsidiært gå inn for dagens organisering, at det overordnede ansvaret for IKT-politikken legges til Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD).

Disse medlemmer peker på at aktiv og samordnet bruk av IKT i offentlig sektor er en viktig forutsetning for å sikre arbeid med tjenesteinnovasjon, kvalitetsforbedring i offentlige tjenester og effektiv ressursbruk i offentlig sektor. De samlede utgiftene til investering og drift i IKT i offentlig sektor er anslått til å være på vel 10 mrd. kroner årlig. Et meget stort antall systemer er i drift på ulike nivåer og enheter.

Disse medlemmer understreker at standardiserte løsninger som gir god mulighet for kommunikasjon/integrasjon, må vektlegges også i et rammeverk for offentlig virksomhet basert på mål- og resultatstyring.

Disse medlemmer anbefaler at offentlige virksomheter i sine årlige budsjetter og flerårige planer omtaler og synliggjør arbeid med IKT og effekten av dette arbeidet.

Komiteens medlemmer fra Høyre er opptatt av flere og bedre tjenester til brukerne. Færre permflyttere muliggjør flere varme hender til omsorg, og frigjør ressurser til et bedre tilbud innen andre viktige offentlige oppgaver.

2. STATUS OG UTVIKLINGSLINJER

2.1 Sammendrag

Kapittel 2 i meldinga drøftar kvifor det trengst ein heilskapleg IKT-politikk.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologien (IKT), og spesielt Internett, har ført til store økonomiske og sosiale endringar i heile verda.

Samfunnet er blitt så avhengig av IKT/Internett at det er nødvendig å setje fokus på utviklinga, vurdere sterke og svake sider, og utforme nødvendig politikk og teknologiske krav for å sikre at IKT framleis kan vere ei vesentleg drivkraft for økonomisk vekst og velstand i framtida.

Liberaliseringa av telekommunikasjonsmarknadene og den raske teknologiske utviklinga har endra betydninga av IKT fundamentalt.

Auka kapasitet og utbreiing gjer det mogleg å leggje nye tenester ut på nettet og fange opp nye brukargrupper. Utviklinga går så fort at politikktutforming og regulering har vanskeleg for å henge med. Teknologisk konvergens mellom faste og mobile nett vil venteleg ha stor betydning i åra som kjem.

To hovudbodskapar i kapitlet er:

- Den raske utviklinga held fram, i minst 10 år til. Den underliggjande teknologiske utviklinga held fram i same tempo, og dermed òg dei raske endringane i marknaden og hos brukarane.
- Det trengst ein bevisst og heilskapleg politikk for IKT. Dei land som har ein gjennomtenkt politikk for å utnytte moglegheitene og hauste gevinstante ved IKT, og samtidig motverke eller dempe uønskte konsekvensar, vil oppnå meir vekst og betre velferd.

Tempoet er ei utfordring i seg sjølv, fordi avgjerdsprosessar knytte til ny politikk og nytt regelverk kan ta år. På IKT-området skjer endringar ofte raskt, og det oppstår dermed ein risiko for at vurderingar og forslag "går ut på dato".

Fordi IKT-politikken er grenseoverskridande og inngår i dei fleste av dei tradisjonelle politikkområda, blir det stadig behov for tverrgåande initiativ. Eit moderne samfunn, som det norske, med høgt tempo og stor dynamikk, skaper eit kontinuerleg behov for ny politikk og ny regulering, samtidig som teknologien sjølv endrar premissane for den reguleringa som til kvar tid gjeld innan ei rekke politikkområde.

Utviklinga og gjennomføringa av ein heilskapleg IKT-politikk er nødvendig for ei vidare utvikling av informasjonssamfunnet. Regjeringa har tru på at dei land som fører ein politikk som tek i bruk moglegheitene og haustar gevinstante ved IKT, samtidig som dei evnar å motverke eller dempe uønskte verknader, vil oppnå ein større vekst og ei betre velferdsutvikling enn dei landa som ikkje tek tak i endringsbehova.

Etter 2000 - eNoreg-planane

I pkt. 2.3 i meldinga gis ei oversikt over offentleg IKT-politikk i Noreg.

Den norske IKT-politikken og dei ulike handlingsplanane for eNoreg har over fleire år blitt utvikla med ei sterk tilknytning til europeisk IKT-politikk.

Den noverande planen, eNoreg 2009, vart lagd fram i juni 2005, og har tidsperspektiv fram mot 2009.

eNoreg 2009 har tre overordna målområde. Det første hovudområdet er knytt til einskildmennesket i det digitale Noreg.

Det andre hovudområdet i eNoreg 2009 er knytt til vekst og verdiskaping.

Det tredje hovudområdet gjeld samhandlinga internt i offentleg sektor. I perioden fram til 2009 skal det leggjast til rette for digital samhandling i offentleg sektor slik at formell kommunikasjon mellom offentlege verksemdar skal skje elektronisk.

Undervegsrapporten per oktober 2006 viser at vi har komme eit langt sprang nærmare med å realisere eNoreg 2009, og at det er ei markant utvikling for ei rekkje av måla. Vi er i fremste rekkje internasjonalt med omsyn til blant anna tilgang til Internett, offentlege tenester på nett, spreiding av mobilteknologi, bruk av IKT i industri og næringsliv, gode offentlege register og effektive betalingsløysingar.

Undervegsrapporten peiker på seks sentrale utfordringar for arbeidet dei kommande åra med å nå måla i eNoreg 2009:

- Utfordring 1: Sikre digital inkludering.
- Utfordring 2: Bruk av IKT i undervising stagnerer på for lågt nivå.
- Utfordring 3: Å utnytte digitalisering til å endre arbeidsprosessane i det offentlege.
- Utfordring 4: Fleire og betre digitale tenester retta mot innbyggjarar og næringsliv.
- Utfordring 5: Raskare overgang til elektroniske forretningsprosessar og ehandel i offentleg sektor.
- Utfordring 6: Auka offentleg prioritering av forskning på IKT.

IKT-politikken i Europa og EU

IKT-politikken kryssar både grenser og politiske fagfelt av natur. IKT-politikken er derfor eit av dei viktigaste områda for internasjonalt samarbeid og koordinering. I Europa er det konsensus om at dei fleste store utfordringane i IKT-politikken er felles, og berre kan løysast i fellesskap. Av same grunn har Noreg vore ein aktiv deltakar i utforminga av den europeiske IKT-politikken dei siste 10-15 åra.

Den overstyrande planen for all IKT-politikk i EU i dag, same kva ansvarleg direktorat og område det gjeld, er "i2010, A European Information Society for Growth and Employment", som er det første underprogrammet under "den nye Lisboa-strategien".

Tre hovudpilarar blir sette opp i strategien i 2010:

- Eit felles europeisk informasjonsområde.
- Investering og innovasjon i forskning.
- Inkludering, betre offentlege tenester og livskvalitet.

Teknologiske utviklingslinjer

Det er den enorme auken i kapasitet som har gjort dagens IKT-samfunn mogleg, der IKT-bruk trengjer inn i kvar krinkelkrok av tilværet gjennom til dømes minibanken, fartsboksen, e-posten og nettbloggen. IKT-utviklinga har så langt vore prega av plutslege kvantesprang.

Kvart kvantesprang har hatt dramatiske konsekvensar både i privat og offentleg sektor: Det er sjølvstendig evna til å lagre, formidle og behandle informasjon som stadig blir forbetra. Det er vanskeleg å føreseie den teknologiske utviklinga framover med nokon særleg grad av presisjon. Det vi veit er at mange trekk frå den noverande teknologiutviklinga vil halde fram i minst 10 år til:

- Datamaskinane vil gå raskare.
- Lagringskapasiteten vil bli større.
- Datasambanda vil bli hurtigare.
- Trådløs kommunikasjon vil bli vanlegare, hurtigare og krevje mindre straum (særleg over kort avstand).
- Komponentane vil bli mindre.
- Utfordringane innan IKT-tryggleik vil auke.

Innan telefoni og kommunikasjon er det fleire kjende trendar som kjem til å halde fram, blant anna:

- Dei fleste kjem til å skaffe seg breiband.
- Fleire kjem truleg til å avskaffe fasttelefonen og erstatte denne med mobil eller med IP-telefoni (eller begge delar).

Internett er blitt verdas viktigaste felles infrastruktur. Den eksplosive veksten skaper store utfordringar for trafikken på og vidareutviklinga av Internett. Utfordringane knytter seg til fleire forhold, blant anna tryggleik, økonomi og forretningsmodellar, skalering og oppgradering og sensur og overvaking.

Marknaden for reine IKT-produkt skil seg frå andre marknader på viktige punkt. Effektane gjer at det lett oppstår monopol med fare for misbruk av marknadsmakt. Derfor er det behov for god og oppdatert regulering for å sikre forbrukarane mot overpris, og for at mindre aktørar og nye løysingar skal kunne vinne fram. Det er òg ønskeleg med standardar som gjer ein mindre avhengig av bestemte format og produkt frå visse bedrifter. Regulering og standardisering er krevjande verkemiddel. Det er vanskeleg å lage standardar utan å lage bremser for ønskt innovasjon.

Teknologinøytralitet

Utviklinga innan IKT går hurtig, og det er vanskeleg å komme med sikre spådommar om kva for teknologi som er den rette, kva som er den rette standarden, mv. Derfor bør politikken og reguleringa som hovudregel vere teknologinøytral. Tung offentlig verkemiddelbruk for å fremje bestemte teknologiar kan lett få vesentlege negative sideeffektar.

Måla for IKT-politikken og rollene til det offentlege

IKT-utviklinga fører med seg ei rekkje spennande men krevjande politiske utfordringar. Ein vellukka IKT-politikk skal bidra til å nå Regjeringa sine mål på ei rekkje felt, mellom anna:

- fornyinga av offentlig sektor,
- nærings- og arbeidslivspolitikken,
- utdanningspolitikken,
- helse- og sosialpolitikken,
- regionalpolitikken, og
- miljøpolitikken.

Det er derfor vanskeleg å avgrense IKT-politikken, og det vil vere behov for å utøve tverrgåande IKT-politikk innan nær sagt alle tradisjonelle politikkområde.

Det raske tempoet i utviklinga på IKT-området er ei utfordring i seg sjølv. I vårt styresett tek det til dømes ein god del år å førebu og fremje lovforslag.

Det offentlege har minst fire ulike roller på IKT-området: regelmakaren, losen, tenesteytaren og utbyggingaren.

Eit aktuelt døme er breibandsutbygginga. Her har Noreg med stort hell stimulert til offentlig etterspørsel (gjennom HØYKOM-programmet frå 1999), og elles satsa på ei marknadsbasert utbygging av breibandsnettet. Men ca. 5 pst. av innbyggjarane vil ikkje få breibandstilbod frå marknaden. Det er Regjeringa sitt mål

at alle skal ha tilbod om breiband. Staten må derfor ta eit ansvar for å understøtte den marknadsbaserte utbygginga.

2.2 Komiteens merknader

Komiteen vil vise til at mange trekk i den nåværende teknologiutviklingen vil holde fram i raskt tempo også i de kommende årene. Derfor trengs det en helhetlig tilnærming til politikken. Komiteen har tro på at de land som fører en politikk som tar i bruk mulighetene og høster gevinsten av IKT, også vil ha de beste forutsetninger for å dempe uønskede virkninger.

Komiteen vil trekke fram at siste undervegsrapport for e2009-satsingen viser at det over tid er ført en politikk som har brakt Norge i første rekke internasjonalt når det gjelder blant annet tilgang til Internett, offentlige tjenester på nett, spredning av mobilteknologi og bruk av IKT i industrien og næringslivet. Samtidig har Norge store utfordringer knyttet til blant annet digital inkludering, IKT i undervisning, utnyttning av IKT i arbeidsprosesser i offentlig virksomhet, ehandel og forskning på IKT.

Om digitalt innhold - stillingen i EU

Komiteen er tilfreds med at Norge deltar aktivt i mange av de europeiske IKT-initiativene. Føringene som EU har lagt inn i disse programmene, må sikres implementering gjennom de norske sektormyndigheter som er berørt av dem.

Komiteen er kjent med at EU har et sterkt fokus på behovet for å digitalisere offentlige innholdsressurser (bibliotek, museer, samlinger, arkiver). Digitalisering vil tjene som viktig basis for verdiskaping og verdioøkende tjenester i næringslivet, som verdifullt innhold for skole og utdanning, og som kvalitetsinnhold på nettet til allmenn bruk. Blant annet har EU-direktivet om viderebruk av offentlig informasjon satt saken på dagsorden i Europa.

Komiteen er kjent med at EU-programmet eContentplus er utformet for å stimulere til bedre tilgjengelighet til eksisterende digitalt innhold i Europa. EU har også oppfordret medlemslandene til å igangsette nasjonale digitaliseringsprogrammer, for å sikre økt tilgang til alt det materiale som ennå ikke er digitalisert. Dette handler også om en politikk for bevaring ettersom digitalisering innebærer en sikring for ettertiden av objekter, som i sin fysiske form, kanskje er i ferd med å gå tapt.

Komiteen er glad for at det i meldingen gis en beskrivelse av status for det norske arbeidet på dette området. Et arbeid som pågår ved flere institusjoner, herunder blant annet Nasjonalbiblioteket, NRK og Norsk lydarkiv og med nokså lange tidsperspektiver.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre mener imidlertid det må komme en sterkere økonomisk prioritering av dette området for at Norge skal verne kulturskatter og følge den europeiske satsingen.

Informasjon og tilgjengelighet

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet, er opptatt av at mest mulig forskningsinformasjon blir åpen og tilgjengelig for allmenheten, og ber derfor Regjeringen vurdere muligheter og kostnader for frikjøp av resultater av offentlig delfinansiert forskning, som i dag publiseres i lukkede betalingsdatabaser.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre merker seg at tilsvarende som for kulturarven (ABM-sektorens data), er det aktpågivende for EU å få til en felles europeisk infrastruktur for geografiske data/kartdata. Dette vil bidra til flere nytteanvendelser på tvers av landene, og økt verdiskaping på tjenesteområdet. EU har vedtatt INSPIRE-direktivet som skisserer en felles infrastruktur for europeiske kartdata. Dette er sentral IKT-politikk, og viktig for tjenesteindustrien i årene som kommer (kart inngår som kjent i mange anvendelsesområder).

Disse medlemmer merker seg videre at EU også innen skole- og utdanningsområdet gjør bestrebelser på å få til økt deling av digitalt innhold på tvers av utdanningsnivåer, skoler, land og kulturer. Standardisering, rettighetshåndtering og delingskultur er sentralt. Disse medlemmer har fått opplyst at norske miljøer i svært liten grad er med i denne type prosjekter, angivelig på grunn av ressursmangel. Disse medlemmer vil understreke viktigheten av at Norge bør bli en aktiv deltaker i dette felleseuropeiske prosjektet.

Et ytterligere område med interessante EU-initiativer på digitalt innhold, som disse medlemmer har merket seg, er vitenskapelig publisering. Spesielt der det offentlige delfinansierer forskning, har EU for de nærmeste årene målsatt å stimulere nye forretningsmodeller for å "bryte" med de vitenskapelige tidsskriftenes hegemoni på området. Problemet er at vitenskapelige artikler og forskningsdata i for stor grad "gjemmes bort" i forlag og tidsskriftsdatabaser, med betalingsløsninger og manglende søkbarhet på tvers. Dette hemmer europeisk forskning, og det hemmer den allmenne tilgjengeligheten. Forsøk med åpne publiseringsarkiver, forfatterbetalte og myndighetsbetalte tidsskrifter vil bli utprøvd, blant annet gjennom eContentplus-programmet, som Norge deltar i. Disse medlemmer er noe forundret over at stortingsmeldingen går så raskt forbi dette temaet i det den så vidt nevner at "det også bør vurderes om forskningsresultater skal publiseres" i forbindelse med den digitale allmenningen. Dette bør være et opplagt område hvor problemforståelse og ny politikk bør utvikles.

Disse medlemmer vil derfor fremme følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen utrede mulighetene for og kostnadene ved frikjøp av resultater av offentlig delfinansiert forskning, som i dag publiseres i lukkede betalingsdatabaser, etter modell av arbeidet med dette innenfor EUs eContentplus-program."

Disse medlemmer peker på viktigheten av at Kunnskapsdepartementet i sin budsjettproposisjon og styringsdialog må forutsette at Utdanningsdirektoratet engasjerer seg og deltar i EU-prosjektene rundt tilgjengiggjøring av læringsressurser. Videre må Kulturdepartementet i sin budsjettproposisjon og styringsdialog forsikre seg om at ABM Utvikling og Nasjonalbiblioteket har tilstrekkelig ressurser til sin deltakelse i internasjonalt samordningsarbeid for å gjøre Europas kulturarv mer tilgjengelig på nettet. Endelig må Miljøverndepartementet sørge for at Statens kartverk setter av ressurser til å delta i de nødvendige internasjonale aktiviteter som påligger oss gjennom Norges tilslutning til INSPIRE-direktivet.

Digitalt innhold for øvrig og forholdet mellom Norges og EUs IKT-politikk

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre viser til at EU gjennom sitt initiativ "i2010 - A European Information Society for Growth and Employment", har et strategisk rammeverk for politikken innen IKT og medier. Rammeverket er godt gjennomarbeidet, og setter de ulike hovedutfordringene og utviklingstrekkene innen IT og medier i sammenheng. Disse medlemmer er kjent med at i2010 skal promotere den europeiske utviklingen av en åpen og digital økonomi, og utnyttelsen av IKT til å bidra til å oppnå sosial inkludering og økt livskvalitet. Som rammeverk favner initiativet mange programmer og tiltak som adresserer gjennomgående problemstillinger, herunder regulatoriske forhold, IKT-forskningsbehov, standardisering, harmonisering og samarbeid mellom landene.

Disse medlemmer understreker at en hovedpilar i i2010 er utviklingen av et åpent, felleseuropeisk innholdsmarked. Dette kan bidra til inkludering og til mer konkurranse og tjenesteinnovasjon. Etter disse medlemmers syn speiler stortingsmeldingen i liten grad det overordnede, europeiske "prosjektet" - selv om prosjektet i praksis vil ha sterke føringer for norske disposisjoner i årene som kommer. EU fokuserer mye på et europeisk innholdsmarked, mens norske føringer handler i stor grad om et nasjonalt marked. Disse medlemmer vil for eksempel peke på at under i2010 ligger EUs ambisiøse "flaggskip"-satsing "Digital Libraries" ("Europe's Cultural and Scientific Heritage at a Click of a Mouse") som skal gjøre flere millioner bøker og andre objekter digitalt tilgjengelig for europeiske brukere innen få år. Denne satsingen refereres til i mange sammenhenger i underliggende dokumenter i EU, men i stortingsmeldingen er saken ikke viet plass.

Oppdeling etter departementenes ansvarsområder krever sterkere samordning

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre vil vise til at ansvaret for IKT- og mediepolitikken er i dag oppdelt i for mange ulike departementer. Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Kultur- og kirke-

departementet, Kunnskapsdepartementet og Miljøverndepartementet er antakelig de viktigste sektordepartementene når det gjelder digitalt innhold. Disse medlemmer understreker at også Samferdselsdepartementet, Finansdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet (de to siste gjennom sine viktige underliggende virksomheter) er helt sentrale IKT-politiske aktører. Disse medlemmer vil peke på at en sterkere samordning bør til og at dagens fragmentering ikke er hensiktsmessig for å få best mulig IKT-tjenester ut av begrensede ressurser. Sektoransvarsprinsippet er viktig rent generelt, men det må balanseres mot samordningsbehov for å skape de beste forutsetningene for en samlet og offensiv IKT-politikk.

Disse medlemmer gjentar derfor at FAD må få en langt sterkere koordineringsmyndighet. Slik kan Norge fortsette å være et foregangsland på IKT-bruk i offentlig sektor.

3. IKT I ØKONOMIEN

3.1 Sammendrag

Av kapittel 3 i meldinga går det fram at IKT gir høgare produktivitet og auka velferd.

IKT er ei sentral drivkraft i økonomien. Nylege EU-data viser at IKT-sektoren representerer 5 pst. av landas bruttonasjonalprodukt, men driv 25 pst. av den totale veksten i samfunnet og 40 pst. av produktivitsveksten. IKT er ein gjennomgripande teknologi som bidrar til å auke produktiviteten i ei rekkje sektorar og næringar, alt frå føring i oppdrettsnæringa, via automatisering i industrien til drastiske endringar i vidt forskjellige servicenæringar som varehandel, bank og forsikring. I tillegg er teknologien ein mogleggjerar for ein meir effektiv og betre offentlig tenesteproduksjon. Og jo høgare produktivitsveksten er, jo meir kan vi ta ut i form av auka velferd.

Generelt kan utviklinga i og bruken av IKT seiast å påverke den økonomiske veksten gjennom tre kanalar:

1. Innovasjonar i IKT-næringa som blant anna omfattar datamaskinar, programvare og kommunikasjonsutstyr, gir auka produktivitsvekst i denne industrien.
2. Produktivitsvekst i IKT-næringa fører til lågare prisar og betre kvalitet på IKT-utstyr. Det gjer det lønnsamt for næringslivet elles å auke investeringane i IKT-utstyr. Med meir og betre utstyr kan produksjonen per arbeidar auke hos brukarane av IKT.
3. Produktivitsvekst som resultat av meir effektiv bruk av IKT i næringslivet. Dette kan vere effektiv bruk av IKT gjennom nye tenester, endra forretningsmodellar og organisasjonsmessige tilpassingar.

Det er venta at Europa i framtida vil hente dei største gevinstane frå meir effektiv bruk av IKT.

OECD peiker på at IKTs stadig aukande betydning for verdiskaping, inneber at politikarar bør etablere slike rammevilkår at næringslivet maktar å hente ut gevinstane som er knytte til effektiv bruk av teknolo-

gien. Politikk for å auke utbreiinga av IKT i næringslivet er ikkje tilstrekkeleg. Politikken må òg rettast inn mot å skape gode vilkår for vekst og innovasjon.

3.2 Komiteens merknader

Komiteen vil vise til at teknologiske løysningar bidrar til å produsere varer og tenester mer effektivt enn før. Jo høgare produktivitsveksten er uten økt bruk av ressurser, jo mer gevinstar vil vi kunne ta ut i form av f.eks. økt lønn eller fritid.

Komiteen vil peke på viktigheten av å legge til rette for å skape gode vilkår for vekst og innovasjon gjennom blant annet styrking av IKT-forskning i offentlig sektor og forskningsmiljøene og i næringslivet. Et viktig virkemiddel for å stimulere til FoU i næringslivet har vært Skattefunn-ordningen. Når Skattefunn skal evalueres, vil komiteen trekke fram at ordningen har fungert godt for IKT-nærigen, ikke minst for små og mellomstore bedrifter. I tillegg vil komiteen understreke viktigheten av at offentlig sektor investerer i IKT-utstyr og IKT-kompetanse for å legge til rette for en mer effektiv bruk av IKT i den enkelte sektor og på tvers av sektorene, og i det offentlige kommunikasjon med innbyggere og næringsliv, som bidrag til produktivitsveksten i Norge.

Komiteen vil vise til "Lisboa-strategien" og at Norge har en offensiv politikk for å møte utfordringene knyttet til globalisering.

Internett er blitt verdens viktigste faste infrastruktur, og komiteen vil derfor framheve betydningen av å inkludere alle grupper slik at ingen møter stengsler, men kan ta i bruk grenseløse muligheter i verdensveven.

Komiteen støtter Regjeringens syn om at reguleringer og politikk som hovedregel skal være teknologinøytral. Samtidig er det viktig at myndighetene initierer teknologiske løysningar som bidrar til å inkludere hele befolkningen og til å nå prioriterte samfunns mål innenfor velferd, innovasjon, kunnskap og miljø.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, vil trekke fram IKT-sektorens fundamentale betydning for produktivitsveksten i økonomien. Norge kan ikke konkurrere globalt gjennom lave lønninger, men gjennom å satse på kunnskap, teknologiske løysningar, velferdsstat og høg produktivitet. IKT er et avgjørende virkemiddel også for å videreutvikle "den nordiske modellen".

Flertallet vil spesielt trekke fram at IKT er et viktig virkemiddel for å utvikle en grønn kunnskapsøkonomi. Miljøorganisasjonen WWF har for eksempel beregnet at det er mulig å oppnå betydelige kutt i utslipp av klimagasser gjennom å satse på IKT-løsninger som videokonferanser, telekonferanser, distansearbeid, e-handel og nye tekniske metoder. Intelligente transportsystemer (ITS) trekkes også fram som et virkemiddel for å redusere klimautslipp fra samferdselssektoren. I nordområdepolitikken vil IKT spille en viktig rolle innenfor forskning, overvåking og forvaltning av klima, natur og miljø.

Flertallet mener IKT må løftes fram som et verdifullt virkemiddel i miljøpolitikken.

4. DIGITAL INFRASTRUKTUR - TILGANG, UNIVERSELL UTFORMING OG KOMPETANSE FOR ALLE

4.1 Sammendrag

Av kapittel 4 i meldinga går det fram at alle skal kunne delta i informasjonssamfunnet.

Noreg ligg i verdstoppen med omsyn til utbreiing av IKT i samfunnet. Dette gir lettare tilgang til tenester og informasjon, offentleg som privat, for alle dei som er ein del av informasjonssamfunnet. IKT gir mange nye moglegheiter. Nettopp derfor er det om å gjere å leggje til rette for dei som av forskjellige grunnar står utanfor informasjonssamfunnet, anten det er sjølvvald eller ikkje. Tilgang til og bruk av IKT, i eit samfunn i rask forandring, er eit verkemiddel for å oppretthalde grunnleggjande prinsipp som deltaking og inkludering.

Det er særleg tre føresetnader som ligg til grunn for Regjeringas arbeid med digital inkludering; digital tilgang, universell utforming og digital kompetanse.

Med bakgrunn i dette ser Regjeringa behov for blant anna:

- å sikre heile landet eit tilbod om tilknytning til breibandsnett,
- å satse på universelt utforma teknologi,
- å styrkje satsinga på digital kompetanse i befolkninga, og
- å styrkje satsinga på IKT i utdanninga.

Tilgang til nett, utstyr og innhald - den digitale allemannsrett

Digital tilgang dreier seg først og fremst om å sikre alle eit godt tilbod om høghastighetsnett. Bustad skal ikkje vere avgjerande for om du kan delta i informasjonssamfunnet eller ikkje. Derfor føreslår Regjeringa auka løyvingar til breiband i 2007.

Høykom er eit sentralt verkemiddel som skal hjelpe til å støtte opp under måla frå Soria Moria-erklæringa. Ordninga byggjer på tilskot etter søknad.

Universelt utforma løysingar

Universell utforming av IKT-løysingar er ein føresetnad for at alle skal kunne delta. Det er eit klart mål for Regjeringa at all teknologisk utvikling med IKT innan offentleg sektor skal byggje på universelt utforma løysingar, det gjeld automatar så vel som PC-løysingar. Privat sektor blir oppfordra til å gjere det same.

Digital kompetanse

Digital kompetanse i heile befolkninga er essensielt. Regjeringa vil derfor auke fokuset på digital kompetanse, og leggje betre til rette for utsette grupper som eldre og dei utanfor arbeidslivet, grupper som i dag heng etter når det gjeld tilgang til elektroniske løysingar. Men elevar og arbeidstakarar må òg utvikle sin digitale kompetanse gjennom skule og arbeidsliv, og på den måten bli kritiske mediebrukarar. Satsinga på IKT i skuleverket blir styrkt ytterlegare. Viktige element er å sikre tilgang til PC og Internett for alle elevar og lærarar, og å auke bruken av digitale læremiddel. Regje-

ringa har som mål at norsk skule skal vere ein føregangsskule i verda når det gjeld bruk av IKT i undervisning og læring. Men samtidig er det viktig å fokusere også på andre arenaer for tileigning av kompetanse. Frivillige organisasjonar spelar ei nøkkelrolle i dette arbeidet, det same gjer biblioteka og offentlege kontor som eksempelvis NAV. Digital kompetanse er ikkje noko ein tileignar seg ein gong for alle, slik som det å sykle eller symje.

Godt digitalt innhald er ein nøkkel til kunnskap, og Regjeringa vil derfor fokusere på slik tilgang. Det er viktig å gjere tilgangen til innhald, eksempelvis frå Nasjonalbiblioteket, NRK og andre kunnskapskilder, så enkel som mogleg.

REGJERINGAS TILTAK

1. Breiband i heile landet:

Regjeringa vil sikre dei siste 4-5 prosentane av innbyggjarane eit breibandstilbod. Dei auka midlane til breibandsutbygging skal gå til auka utbygging i distrikta og vil bli fordelte gjennom Høykom-ordninga. For 2007 legg Regjeringa opp til ei total løyving på om lag 122 mill. kroner, den største løyvinga til Høykom nokon gong. Av desse midlane skal 100 mill. kroner øyremerkast distriktsområde utan eksisterande breibandstilbod. Det offentlege skal bidra til utvikling og utbygging gjennom vedvarande sterk etterspørsel etter breibandstenester. Utgangspunktet for breibandspolitikken skal framleis vere at det er marknadsaktørane som skal etablere nett og tenester. Styresmaktene skal berre understøtte utviklinga der marknaden sviktar.

2. Offentlege verksemder skal bidra til tilgang på utstyr:

Det skal satsast vidare på biblioteka si rolle som formidlar av rettleiing og tilgang til elektroniske tenester. Alle relevante offentlege kontor bør ha publikumsterminalar tilgjengelege og kunne gi rettleiing i bruk av sine elektroniske tenester.

3. Satsing på IKT i skulen:

Det skal leggjast til rette for auka bruk av digitale læremiddel. Over tid skal dette medverke til reduksjon av elevanes utgifter til læremiddel. Skulen si rolle i arbeidet med utjamning av mellom anna digitale skilje vil bli behandla i ei eiga stortingsmelding om utdanning som verkemiddel for sosial utjamning. Det skal leggjast til rette for ei identitetsforvaltning for grunnopplæringa som byggjer på Feide-prosjektet.

4. Den digitale allmenningen:

Fornyings- og administrasjonsdepartementet vil saman med aktuelle departement som til dømes Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet greie ut om det er mogleg å kjøpe fri forskjellig opphavsrettsleg verna materiale, slik at ein på sikt kan gjere ein digital allmenning tilgjengeleg for befolkninga. Kunnskapsdepartementet vil i samarbeid med Kultur- og kyrkjedepartementet leggje til rette for pedagogisk tilrettelegging av nasjonalarven.

5. Universelt utforma offentlege elektroniske tenester:

Regjeringa vil følgje opp forslaget frå Syseutvalet i NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet, og fremje forslag om ein ny ikkje-diskriminerings- og tilgjengelegheitslov. Regjeringa ønskjer at offentlege elektroniske tenester skal ha universell utforming dersom ikkje spesielle forhold gjer det umogleg. Fornyings- og administrasjonsdepartementet greier ut konsekvensane av å ta IKT inn i denne lova.

Under leing av Fornyings- og administrasjonsdepartementet skal relevante kompetansemiljø utvikle rettleiingar og detaljering av standardar og krav for universell utforming av IKT. I dette arbeidet må ein også utarbeide indikatorar for korleis universell utforming skal takast i bruk.

Når tenlege indikatorar for universell utforming av IKT ligg føre, vil ein vurdere å ta dei inn i offentlege rapporteringssystem som KOSTRA og det nye StatRes.

6. WAI-kriteria ved utvikling av offentlege nettstader:

Ved all nyutvikling eller omfattande vidareutvikling av offentlege nettstader blir offentlege verksemder oppfordra til å følgje WAI-kriteria (jf. det internasjonale standardiseringsprogrammet for verdsveven) slik dei kjem fram i Noreg.no sine kvalitetskrav for nettstader. Ved tildeling av offentlig støtte til andre nettstader vil Regjeringa også oppmode om at det bør stillast krav om at dei følgjer WAI-kriteria.

Etatar som ligg under Fornyings- og administrasjonsdepartementet, blir pålagde å nytte WAI-kriteria slik dei kjem fram i Noreg.no sine kvalitetskrav for nettstader, ved nyutvikling eller omfattande vidareutvikling av sine eksterne og interne nettstader.

Arbeidet med kvalitetsvurdering av nettenester skal trappast opp. Frå 2007 skal også nokre sentrale, private nettstader med stor nytteverdi vurderast av Noreg.no. Noreg.no skal tilby ei merkeordning som synleggjer i kva grad offentlege og private nettstader er utforma etter kriterium for tilgjengelegheit.

7. Klårare ansvarsforhold i arbeidet med universell utforming av IKT:

Organiseringa av det offentlege arbeidet med universell utforming av IKT og elektroniske tenester skal gjennomgåast med sikte på enklare og klårare tilbod og ansvarsforhold.

Det skal utarbeidast ein ny handlingsplan for auka tilkomst for personar med nedsett funksjonsevne, der IKT vil få ein sentral plass.

8. Stimulere til utvikling av løysingar som gir auka tilkomst til IKT-baserte produkt og tenester:

Regjeringa ønskjer at satsinga på IT Funk vert vidareført i seks nye år frå 2007.

9. Offentlege verksemder skal bidra til digital kompetanseutvikling:

Offentlege verksemder skal bidra til ei digital

kompetanseutvikling i befolkninga, ved i større grad å inngå samarbeid både med arbeidslivet og ideelle verksemder.

Offentlege kontor med publikumstenester vert oppmoda til å opprette publikumsterminalar og organisere rettleiing for å sikre tilgang til elektroniske tenester for den delen av befolkninga som ikkje har tilgang til datautstyr heime eller på arbeidet.

10. Informasjonen som blir gitt til skular, foreldre, unge og forbrukarar knytt til trygg bruk av Internett, skal koordinerast ytterlegare:

Dette er ei oppfølging av tiltaksplanen "Barn, unge og Internett", ein felles tiltaksplan for tryggar bruk av Internett for barn og unge. Her blir arbeidet med å sikre ein tryggare bruk frå mange departement, underliggjande etatar og verksemder, bransjeorganisasjonar, einskilde aktørar i marknaden og frivillige organisasjonar koordinert og presentert på ein samordna måte.

11. Kunnskapsløftet skal følgjast opp:

Arbeidet med å sikre alle elevar digital kompetanse som ei grunnleggjande ferdigheit, blir følgt opp i tilknytning til innføringa av Kunnskapsløftet. Det same gjeld arbeidet med å sikre alle lærarar nødvendig kompetanse og ferdigheiter til å utnytte IKT i undervisning og læring.

Universitet og høgskular skal medverke til ei digital kompetanseutvikling blant studentar og fagfolk som ein integrert del av eiga verksemd innanfor utdanning og forskning. Lærestadene skal samarbeide med nasjonale tiltak som UNINETT og Noregsuniversitetet om å vidareutvikle ein god og effektiv bruk av IKT i norsk høgre utdanning.

4.2 Komiteens merknader

Komiteen støtter meldingens mål og ambisjoner om digitale muligheter og kompetanse til alle og fornying av offentlig sektor.

Komiteen vil vise til at Regjeringen vil utarbeide en handlingsplan for økt tilgjengelighet for personer med nedsatt funksjonsevne, der IKT vil få en sentral plass. Komiteen mener utfordringene er betydelige på dette området. Komiteen vil be Regjeringen om å prioritere arbeidet med universell utforming.

Komiteen viser til meldingens målsetting om at all teknologisk utvikling innenfor IKT og media skal bygge på universell utforming, og vil be Regjeringen om å prioritere dette arbeidet. Begrepet universell utforming er tatt i bruk innenfor mange av samfunnets områder og det er bestemmelser om universell utforming i lover, forskrifter, handlingsplaner og programmer. Universell utforming er også framhevet i mange politiske dokumenter som en god strategi som skal gjennomføres for å oppnå tilgjengelighet for alle på ulike områder. Dette gjelder for eksempel innenfor samferdsel, teknologi og utforming av det offentlige rom, for å nevne noe. Likevel er vi kommet svært kort på dette området, noe ikke minst de funksjonshemmedes organisasjoner peker på.

Komiteen er tilfreds med at Regjeringen vil styre utviklingen av rettledning, standarder og krav til universell utforming av IKT. Det er også svært positivt at WAI-kriteriene skal følges i alle etater som er underlagt Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Komiteen ser det som naturlig at en beslutning om at etater under FAD er pålagt å bruke WAI-kriteriene, følges opp med sterke føringer slik at alle offentlige virksomheter tar i bruk WAI-kriteriene ved nyutvikling eller omfattende videreutvikling av interne og eksterne nettsteder, og ved tildeling av støtte til andre nettsteder.

Komiteen støtter arbeidet med å skape en digital allmenning gjennom blant annet å kjøpe fri opphavsrettslig vernet materiale og gjøre det tilgjengelig for befolkningen. Komiteen vil spesielt trekke fram at materiale fra Statens kartverk og viktige landsdekende kulturinstitusjoner som arkiver, biblioteker og museer (ABM) vil være avgjørende for å etablere en digital kunnskapsallmenning.

Komiteen vil peke på at etableringen av en digital allmenning der en legger til rette for digital gjenbruk av informasjon og materiale til ikke-kommersielle formål basert på gratisprinsippet for den enkelte bruker, også vil kunne være med å stimulere til verdiskaping og ny virksomhet basert på dette materialet, slik man har sett i enkelte andre land der man har tilrettelagt for fri bruk av offentlig informasjon og materiale.

Komiteen vil understreke viktigheten av at informasjonssamfunnet er tilrettelagt for alle. Meldingens høye ambisjoner om å gjøre Norge til en ledende kunnskaps- og IKT-nasjon og at ingen skal måtte stå utenfor dette på grunn av faktorer som alder, geografi og økonomi, er bra. Komiteen vil her peke på enkelte utfordringer vi står overfor for å oppfylle disse ambisjonene. Kravene til digital kompetanse i Kunnskapsløftet er en av dem. Norsk skole skal være en foregangsskole i verden i forhold til bruk av IKT i undervisning og læring og pedagogisk IKT-bruk. For å komme dit, må det satses systematisk på kompetanseutvikling av lærerne i egen og elevers bruk og anvendelse av IKT i undervisningen, og av skoleledere. Det skal være naturlig å bruke IKT i undervisning og studiearbeid både i grunnutdanningen og høyere utdanning. Det må derfor i tillegg til kompetanseheving også satses systematisk på investering i utstyr som gjør dette mulig.

Komiteen mener samtidig at det er viktig i et samfunn med økt bruk av teknologi, og der tjenester fra offentlig og privat sektor blir mer og mer digitalisert, å sørge for at alle aldersgrupper har nødvendig digital kompetanse til å delta. Det er derfor nødvendig også å legge til rette for livslang læring og tilgang til utstyr og veiledning av kompetente veiledere som er til stede. Det er store grupper seniorer som ikke er brukere av IKT, eller som har gått ut av arbeidslivet, og som ikke klarer å "henge med" i utviklingen fordi kompetansenivået ikke opprettholdes og utvikles gjennom jevnlig bruk og ny læring, eller som ikke har råd til å betale for dette selv. I tillegg har vi grupper som av andre grunner ikke er brukere av IKT. Det er viktig at disse gruppene også kan ha tilgang til manuelle tjenester og servicefor-

mer når de blir etterspurt, slik at de ikke blir ekskludert fra tjenestene.

Komiteen vil vise til Storbritannia der den britiske regjeringen har etablert et nasjonalt prosjekt for tilrettelegging av digital inkludering, gjennom blant annet opprettelse av kommunale sentra der innbyggerne kan benytte utstyr og få veiledning i bruken av det, og opprettelse av "Home Access Taskforce", i samarbeid med næringsliv og organisasjoner.

Komiteen mener at frivillige organisasjoner, blant annet Seniornett, har en viktig rolle i å fremme digital inkludering og er glad for at Regjeringen støtter opp om dette arbeidet.

Komiteen vil peke på at det digitale biblioteket vil være et viktig samfunnsbyggende prosjekt som både styrker IKT-kompetansen og biblioteket som en arena for kunnskap, kultur, inkludering og samhandling.

Komiteen vil vise til at tilgangen til PC og Internett i hjemmene er svært høy i Norge, men ikke alle har utstyr og kompetanse til å bruke det hjemme. For å sikre digital inkludering der ingen faller utenfor, er det viktig å legge til rette for offentlige møteplasser der alle som ønsker det, kan få tilgang til utstyr og veiledning i å bruke det.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, vil peke på at en møteplass for digital inkludering kan for eksempel være bibliotekene i kommunene der gratisprinsippet rå.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil peke på at møteplasser for digital inkludering kan for eksempel være NAV-kontorene og bibliotekene i kommunene.

Status og planer for IKT-infrastruktur mv. i skolen

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, vil be Regjeringen orientere Stortinget på egnet måte om status og planer for IKT-infrastruktur og opplæring innenfor IKT i grunnskoler og videregående skoler, herunder en vurdering av hvorvidt det bør utvikles normer og standarder for maskinpark og nettilknytning.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre stiller seg bak Regjeringens ambisjon om digital kompetanse til alle og fornying av offentlig sektor. Dette betinger at alle har tilgang til infrastruktur for å kunne tilegne seg digital kompetanse og benytte seg av digitale offentlige tjenester.

Disse medlemmer mener at det bør vurderes å opprette en allianse mellom næringsliv, organisasjoner og myndigheter for å sikre dette etter modell av den britiske regjeringsoppnevnte Home Access Taskforce.

Digitale skiller i norsk utdanning kan føre til kunnskapsskiller, og at elever ikke når de kompetansemål de har krav på. Disse medlemmer ber Regjeringen om å iverksette en nasjonal opptrappingsplan mellom nasjonale og lokale utdanningsmyndigheter for å sikre

alle minimum infrastruktur i grunnskolen og videregående opplæring.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener at det er svært viktig for kvaliteten i høyere utdanning at det finnes tilgjengelig og topp moderne IKT-utstyr, og at det er nødvendig med en ekstrasatsing ut over de nødvendige overføringene til universiteter og høyskoler. For at et investeringsløft innenfor IKT ikke skal ha noen negativ innvirkning på norsk økonomi i form av økt fare for inflasjon, vil disse medlemmer legge opp til at IKT-løftet finansieres over utenlandsbudsjettet ved at innkjøpene gjøres i andre land. Disse medlemmer vil vise til utenlandsbudsjettet i Fremskrittspartiets alternative budsjett der det ble foreslått å legge inn 300 mill. kroner til innkjøp av IKT-utstyr fordelt på universiteter og høyskoler basert på antall studenter.

Satsing på IKT-opplæring i skolen

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, viser til at Kunnskapsløftet definerer å kunne bruke digitale verktøy som en av de grunnleggende ferdighetene, og at de nye læreplanene har definert kompetansemål for digitale ferdigheter i alle relevante fag, og videre at det er fastsatt kompetansemål for dette allerede etter 2. klasse, noe som innebærer at opplæring i IKT også gjelder de minste barna.

Flertallet har også merket seg at Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver legger vekt på at "Barn bør få oppleve at digitale verktøy kan være kilde til lek, kommunikasjon og innhenting av kunnskap".

Flertallet viser til at gratis læremidler skal innføres i videregående skole fra og med høsten 2007, og at det i denne sammenhengen også er satt av midler til å kunne fremme økt innføring av digitale læremidler. Flertallet understreker at lærere med høy IKT-kompetanse er en forutsetning for god pedagogisk bruk av IKT i skolen, og viser til at IKT-kompetanse derfor er et relevant satsingsområde innenfor den omfattende satsingen på kompetanse som følger av innføringen av Kunnskapsløftet.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre vil peke på at kunnskapen om IKT har en enorm betydning for en stor del av arbeidsplassene i Europa. Betydningen av IKT i utdannings- og arbeidslivet vil etter all sannsynlighet bare bli enda større i fremtiden.

Disse medlemmer vil vise til at Kunnskapsløftets krav om digitale ferdigheter i grunnopplæringen, betinger digitalt kompetente lærere og skoleledere. Disse medlemmer har merket seg at det i dag ikke finnes slike kompetansetilbud. Disse medlemmer ber derfor Regjeringen om å iverksette etter- og videreutdanningstilbud i pedagogisk IKT-bruk for alle lærere, og som en obligatorisk del av førskole- og lærerutdan-

ning. I tillegg bør det iverksettes egen satsing for skoleledere i endringsledelse med fokus på IKT.

Disse medlemmer vil peke på at digitalt innhold er en viktig drivkraft for pedagogisk IKT-bruk og å sikre alle elever digital kompetanse.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener at IKT bør integreres i undervisningen så tidlig som mulig, og vil at det innføres IKT som obligatorisk fag allerede fra 1. klasse i grunnskolen. Det er videre viktig å sikre alle elever i grunnskole og videregående skole tilgang til teknologien, samtidig som det er avgjørende at alle elever får en god opplæring i bruk av IKT.

Disse medlemmer mener at skole-PC bør innføres som en del av skolemateriellet til elever på videregående skole, og at hele grunntutdanningen bør være offentlig finansiert. Disse medlemmer vil også at det arbeides for å fjerne merverdiavgiften på digitale læremidler i grunnopplæring og i høyere utdanning. Disse medlemmer peker også på at IKT-basert læring gir nye muligheter for å øke læringsutbyttet og for å styrke samarbeid mellom hjem og skole i hele grunntutdanningen. Dette forutsetter at PC og bredbånd blir tilgjengelig også i elevenes hjem. Disse medlemmer understreker at også de utfordringer dette gir i en samlet IKT-strategi for offentlig sektor generelt og for utdanningssektoren spesielt, må følges opp av Regjeringen.

Nasjonal språkbank

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, viser til at de norske språkteknologiske fagmiljøene (universitetene, Forskningsrådet og Språkrådet) står samlet bak et uttalt behov og ønske om at en nasjonal språkbank blir etablert. De fleste land har etablert språkbanker. Flertallet viser til at Norsk språkbank (under etablering) mener at kostnadene ved en nasjonal språkbank vil bli noe mindre enn meldingen antyder, om lag 80 mill. kroner over fem år. Flertallet mener en norsk språkbank er et viktig bidrag til å sikre norsk språk i den digitale tidsalderen, til beste for nordisk språkforskning og for utvikling av programvare basert på norsk tale eller tekst.

Bredbånd til alle - bredbånddekning og tallmateriale

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, er fornøyd med at bevilgningene til utbygging av bredbånd er økt betydelig, og at det i 2007 er fordelt 122 mill. kroner til prosjekter gjennom HØYKOM-satsingen. Beregninger viser at bredbånddekningen vil ved utgangen av 2007 være på 98 pst. De estimerte kostnadene ved å oppnå full dekning er redusert fra 800-1 000 mill. kroner til ca. 500 mill. kroner. Flertallet mener dette viser at målet om tilgang til bredbånd for alle husstander og bedrifter vil nås i nær framtid. Flertallet ber Regjeringen føre en aktiv politikk for å nå målet så raskt som mulig.

Flertallet vil peke på at for å oppnå full dekning, kan det være nødvendig å få bedre kartlagt den reelle dekningsgraden for å nå alle innbyggerne i kommunene, da tilbakemeldinger viser at det er "hvite felter" på kartet for dekningsgrad både i sentrale strøk og i distriktene som ikke nås av den markedsstyrte utbyggingen. Flertallet viser til at Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) vil følge dette opp gjennom å kartlegge bredbåndsdekningen på kommunenivå for bedre å kunne bedømme situasjonen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre mener at Regjeringen må levere bedre tall til Stortinget for hva som er status i bredbåndsdekningen. Disse medlemmer viser til at bredbåndsdekningen i mange kommuner er langt dårligere enn den status man kan få inntrykk av ved å lese Nexia-rapporten som FAD nylig har lagt frem og sidene 101 og 102 i FADs budsjettproposisjon for 2007.

Disse medlemmer mener det er viktig med full åpenhet om hvilke områder av landet som ikke har bredbåndsdekning for å vite hvor innsats er påkrevd. Dessuten er det et rimelig krav å kunne måle Regjeringens status i forhold til de rødgrønnes løfte om 100 pst. bredbåndsdekning innen 2007. Regjeringen har i sine valglofter gått lenger enn stortingsvedtaket i forbindelse med bredbåndsmeldingen (St.meld. nr. 49 (2002-2003), jf. Innst. S. nr. 133 (2003-2004), vedtak III), og da må den finne seg i å bli målt på det.

Disse medlemmer understreker at Nexia-rapporten som Regjeringen nylig fremla, bygger på en metode med 15 såkalte referansekommuner. I sine anslag for hva full bredbåndsdekning vil koste, bygger den på aggregerte tall ut fra de nevnte referansekommunene. Disse medlemmer har grunn til å tro at stabilitet og hastighet for Internett over mobilnettene UMTS og CDMA 450 raskt vil forbedres. Disse medlemmer anser likevel ikke at den internettsaksess som tilbys over mobilnettet, enten det er med UMTS eller CDMA 450 MHz-teknologi fra ICE, i øyeblikket har en faktisk hastighet til å kunne anses som et bredbåndsnett. Disse medlemmer mener derfor det er feilaktig å regne inn ICE i bredbåndsutbyggingen.

Disse medlemmer etterlyser også mer konkrete rapporter og tidsplaner for fremdrift i forhold til meldingens øvrige tiltak.

Disse medlemmer vil peke på at Regjeringen har lovet bredbånd til alle i løpet av 2007, og at Regjeringen mener at det mangler 500 mill. kroner for å oppnå full dekning. Disse medlemmer vil videre vise til at Regjeringen hevder at man i Norge nå har 98 pst. dekning. Disse medlemmer mener at dette ikke gir et riktig bilde av den faktiske situasjonen, fordi beregningen som Regjeringen har lagt til grunn, er basert på hvorvidt det er dekning i en kommune og ikke på hvor stor del av befolkningen i landets kommuner som har tilgang på bredbånd. Disse medlemmer vil også peke på at det i den forbindelse også må ses på kvaliteten og hastigheten på bredbåndstilbudet, samtidig som man på bakgrunn av dette får utarbeidet en ny

oversikt for å få vite hvor stor den reelle dekningsgraden er og hvor stort investeringsbehovet virkelig er.

Disse medlemmer stiller seg bak Regjeringens ambisjon om at alle innbyggere skal ha tilbud om tilknytning til bredbåndsnettet innen utgangen av 2007. Disse medlemmer er av den oppfatning at det er behov for en bedre kartlegging av den reelle dekningsgraden for tilgang til bredbånd, særlig i distriktene. En slik kartlegging må se på andel av befolkningen som har tilgang, og ikke antall kommuner. Ved en kartlegging må det også ses på kvalitet og hastighet på bredbåndstilbudet.

Disse medlemmer ber derfor Regjeringen gjennomføre en helhetlig kartlegging av bredbåndsdekningen som et grunnlag for å avdekke det reelle offentlige investeringsbehovet innen fremleggelsen av Revidert nasjonalbudsjett for 2007.

Disse medlemmer vil peke på at konkurranse mellom ulike tilbydere skaper bedre tilbud. Dette er viktig også i distriktene, og det bør derfor tilstrebes at flest mulig kan koble seg til minst to ulike aksessleverandører som er uavhengig av hverandre.

Disse medlemmer har merket seg at Finnmark fylke mangler stamnettkapasitet, og at fylkeskommunen ikke har fått støtte på sine HØYKOM-søknader. Disse medlemmer ber Regjeringen iverksette særskilte tiltak for Finnmark.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil vise til at Fremskrittspartiet i forbindelse med trontaledebatten i Stortinget foreslo å etablere et infrastrukturfond på 300 mrd. kroner, hvorav 5 pst. av den årlige avkastningen skulle benyttes til bredbånds-satsing/IKT-infrastruktur. Dette ville sørget for at man årlig hadde fått 500 mill. kroner til denne satsingen som i løpet av få år ville sikret bredbånd av god kvalitet til alle innbyggerne i Norge som ønsket det.

5. FORSKNING OG UTVIKLING

5.1 Sammendrag

Av kapittel 5 i meldinga går det fram at IKT-forskning er nødvendig for vidare framgang.

Forskning har vore, og vil òg framover, vere heilt avgjerande for utviklinga innan informasjons- og kommunikasjonsteknologi, også for bruken av teknologien. Forskinga må vere brei og femne over teknologi, samfunnsvitskap, jus og humaniora.

Deltaking i internasjonalt forskingssamarbeid er avgjerande også for norsk forskingsinnsats. Ein annan føresetnad er tilstrekkeleg realfagskompetanse i samfunnet.

I 2003 utgjorde dei samla driftsutgiftene til IKT-forskning i Noreg 5,3 mrd. kroner, fordelte med 4,3 mrd. kroner i næringslivet, noko over 700 mill. kroner i instituttsektoren og nærmare 300 mill. kroner i universitets- og høgskolesektoren.

Næringslivet står i dag for litt under halvparten av den totale FoU-innsatsen i Noreg. Om lag ein tredjedel av dette er forskning i IKT-næringane, som altså er meir forskingsintensive enn andre næringar.

Den offentlege forskingsinnsatsen viser eit noko anna bilete. Løyvingane til IKT-forskning over budsjetta til Forskringsrådet har stagnert dei seinare åra, trass i at IKT allereie i 1999 blei utpekt som eitt av fire prioriterte område. Denne prioriteringa blei stadfesta i St.meld. nr. 20 (2004-2005) Vilje til forskning, der IKT blei utpekt til eitt av tre prioriterte teknologiområde. Regjeringa ønskjer å sikre IKT-forskinga betre kår i åra som kjem. IKT-forskinga skal derfor oppprioriterast innanfor dei gjeldande rammer for forskinga.

IKT-forskinga skal også bidra i satsinga på nordområda og gjennomføringa av det internasjonale polaråret. Informasjons- og kommunikasjonsteknologien har gode føresetnader for å kunne bidra til verdiskaping, velstand og tryggleik i nord- og polarområda. Ein del av tildelingane til desse særlege satsingane skal derfor gå til IKT-forskning.

Tiltak for å styrkje norsk IKT-forskning

Informasjons- og kommunikasjonsteknologien har stor og aukande innverknad på økonomisk vekst og produktivitet, vert teken i bruk i aukande grad i heile samfunnet og påverkar samfunnet på nye måtar. Regjeringa vil fremje ein kultur for nyskaping og gründerverksemd på alle forskingsområde, gjennom eit samspel mellom næringsliv, offentlig sektor og forskingsmiljø. Regjeringa ønskjer at IKT-forskning skal gi vesentlege bidrag til ein slik kultur og eit slikt samspel.

Regjeringa vil intensivere IKT-forskinga på brei basis:

1. Regjeringa har som mål å auke den samla forskingsinnsatsen i Noreg til 3 pst. av bruttonasjonalprodukt innan 2010. Dette er eit ambisiøst mål, som legg til grunn ei kraftig offentlig satsing og ein sterk auke i FoU-innsatsen til næringslivet.
2. Regjeringa vil prioritere og styrkje IKT-forskinga i dei generelle løyvingane til FoU i tråd med føringane som ligg i St. meld. nr. 20 (2004 - 2005) Vilje til forskning.
3. I satsinga på nordområda vil Regjeringa prioritere mellom anna IKT-forskinga.
4. Regjeringa vil arbeide for å styrkje IKT-forskinga gjennom eit breitt spekter av verkemiddel under Noregs forskingsråd og bidra til at dei ulike satsingane blir sedde i samanheng. Programmet Kjernekompetanse og verdiskaping i IKT (VERDIKT) vil vere eit sentralt verkemiddel.
5. Regjeringa vil styrkje rekrutteringa til IKT og IKT-relevante fag, mellom anna gjennom oppfølging av Kunnskapsdepartementets realfagsstrategi og Forskringsrådets strategi for grunnforskning innan matematikk, naturvitskap og teknologi.
6. Regjeringa vil vidareutvikle offentlig sektors rolle som god og krevjande kunde innanfor IKT-feltet. Ut over løyvingane til FoU spelar det offentlege ei viktig rolle i næringsutviklinga som kunde og bestillar av ulike produkt, utviklingsprosjekt og tenester.
7. Regjeringa ønskjer at Noreg skal delta i EUs sju-

ande rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling og vil leggje fram ein eigen proposisjon om norsk deltaking etter at endeleg vedtak er treft i EU, venteleg rundt årsskiftet.

8. Noreg er invitert og har takka ja til å delta i utforminga av europeiske teknologiplattformer. Dette er viktig både for norsk IKT-forskning og for anna norsk deltaking i europeisk forskningssamarbeid. Regjeringa vil oppfordre til at fleire norske nasjonale teknologiplattformer blir oppretta der det er etablert store europeiske teknologiplattformer med aktiv norsk deltaking.
9. Regjeringa legg opp til at den norske EUREKA-deltakinga innanfor IKT-området blir vidareført og om nødvendig styrkt.
10. Regjeringa vurderer jamleg deltaking i ulike handlingsprogram innanfor IKT-området i EU.
11. Regjeringa vil òg styrkje samarbeidet om IKT-forskning med land utanom Europa, mellom anna gjennom å utnytte dei nye bilaterale avtalane med USA og viktige asiatiske land.

5.2 Komiteens merknader

Komiteen har merket seg at IKT-næringens organisasjoner, herunder SINTEF, Hydro, Telenor og Det Norske Veritas, har pekt på et betydelig behov for å øke utdanningen av forskere innen IKT. Komiteen har merket seg at Simula School of Research and Innovation at The University of Oslo (SSRI) har blitt opprettet. Komiteen er tilfreds med at Regjeringen synes å følge opp med støtte til SSRI.

Komiteen mener økt forskerutdanning er et helt sentralt element i å realisere ambisjonene for økt forskningsinnsats i norsk næringsliv. Komiteen har merket seg at SSRI, i tett samarbeid med UiO, vil utdanne doktorander med god tilknytning til næringslivet. Etter komiteens mening er dette en svært spennende modell som utvilsomt vil være ett av flere mulige tiltak som man med fordel kan videreutvikle for å styrke norsk IKT-forskning.

Komiteen vil videre understreke betydningen av at man sikrer rekruttering til IKT- og IKT-relevante fag. Til tross for positive effekter knyttet til realfagssatsingen som har preget utdannings- og forskningssystemet de senere år, er det viktig at man opprettholder et bredt fokus og trykk innenfor dette området.

Komiteen vil understreke betydningen av å bygge videre på tankegangen knyttet til etableringen av inkubatorer i tilknytning til universiteter og høyskoler for å styrke kommunikasjon og samarbeid mellom forskning og næringsliv. Dette er særlig relevant i forhold til satsing på IKT-relatert forskning.

Komiteen viser til den grundige gjennomgangen i meldingen som forteller at statlige bevilgninger til forskning og utvikling innenfor IKT har sakkett akterut, til tross for at IKT allerede i 1999 ble utpekt som ett av fire prioriterte områder.

Komiteen er derfor enig med Regjeringen i at det er nødvendig å prioritere og å ha en mer offensiv satsing på IKT-forskningen i de generelle bevilgningene til FoU. Komiteen vil spesielt understreke behovet

for økt grunnforskning innenfor IKT. Dette kan blant annet gi grobunn for ny industri og nye arbeidsplasser.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, er enig i at programmet Kjernekompetanse og verdiskaping i IKT (VERDIKT) er et sentralt virkemiddel som må styrkes. Flertallet er også enig i at FoU er et betydelig virkemiddel i nordområdestrategien og utviklingen av en helhetlig og bærekraftig forvaltning av området Lofoten-Barentshavet. Flertallet mener det er viktig at styrket IKT-forskning i nord- og polarområdene må ha som mål å styrke FoU-miljøene også i Nord-Norge. Flertallet vil også vise til betydningen av å satse på FoU innenfor intelligente transportsystemer (ITS). I tillegg til å fremme effektive transportløsninger vil satsing på ITS kunne bidra til reduserte klimautslipp og andre miljøforbedringer i transportsektoren.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre vil også peke på at Regjeringen i budsjettet for 2007 ikke har bevilget penger til en eneste ny stipendiatstilling. Regjeringen bryter dermed den vedtatte opptrappingsplan, noe som bidrar svært negativt i arbeidet med å styrke IKT-forskningen.

6. IKT OG NÆRINGSPOLITIKK

6.1 Sammendrag

Av kapittel 5 i meldinga går det fram at IKT gir eit konkurransedyktig og kunnskapsorientert næringsliv.

Utviklinga innan informasjons- og kommunikasjons-teknologien har dei siste åra prega utviklinga og rammevilkåra spesielt for tenestesektoren, der størstedelen av verdiskapinga i næringslivet skjer.

Målt i omsetnad er IKT-næringa den fjerde største næringa i landet med ein omsetnad i 2005 på 177 mrd. kroner. Målt i verdiskaping er sektoren sjuande størst med om lag 54 mrd. kroner. Sektoren sysselsette 63 528 personar i 2004, noko som utgjorde 4,2 pst. av sysselsetjinga i fastlandsøkonomien.

Vekselverknaden mellom ein god IKT-leverandørindustri og utnyttinga av teknologien i næringslivet elles, er av stor betydning. Næringspolitikken kan derfor bidra til IKT-utviklinga på to måtar. Den må for det første leggje til rette for gode rammevilkår som bidrar til innovasjon og verdiskaping i IKT-næringane, og då blant anna gjennom virkemiddelapparata Innovasjon Noreg og SIVA. For det andre må styresmaktene leggje forholda til rette for vidareutvikling og bruk av IKT i alt næringsliv, og i samfunnet elles.

Ei av utfordringane er å gjere næringslivet betre i stand til å effektivisere ved hjelp av IKT. Utfordringa er blant anna mangelfull kompetanse i små og mellomstore bedrifter, både med omsyn til basis brukarkompetanse, men også teknologisk spisskompetanse. Å auke IKT-kompetansen i næringslivet er eit klart mål for Regjeringa. Den store utbreiinga av teknologi blant folk er eit viktig konkurransefortrinn. Framover vil store årskull gå ut i pensjon, samtidig som etterspørse-

len etter spisskompetanse i næringslivet aukar. Noko av denne kompetansen er tilgjengeleg frå land utanfor Europa. Lang behandlingstid i Noreg har i fleire tilfelle hatt som konsekvens at etterspurd kompetanse i staden har gått til verksemder og utdanningsinstitusjonar i andre land. Regjeringa er derfor oppteken av å leggje til rette for at søknadsbehandling i samband med rekruttering frå land utanfor Europa skal bli raskare.

Det er også ei utfordring å få fleire bedrifter til effektivt å ta i bruk e-handelsløysingar. Regjeringa ønskjer å stimulere til vidare utbreiing av e-handel.

Konvergens

Den tekniske utviklinga har ført til at fleire sektorar har fått ein felles basis i digital teknologi. Denne samansmeltinga av tele-, data- og mediesektorane blir kalla for "konvergens". Konvergensutviklinga har innverknad på kva tenester som blir tilbydde og korleis marknaden opptrer. Endringane fører til at aktørar tilbyr fleire tenester over same infrastruktur, same tenester over forskjellige infrastrukturar og at mottakarar tek imot fleire tenester på same terminal. Endringsprosessen skjer i heile verdikjeda.

Nærings- og handelsdepartementet vil saman med Kultur- og kyrkjedepartementet, Samferdselsdepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet etablere ei interdepartemental konvergensgruppe. Hovudformålet til gruppa skal vere å fremje konvergensutviklinga. Etableringa av arbeidsgruppa inneber inga endring av kompetansefordelinga mellom departementa. I samband med opprettinga av den interdepartementale konvergensgruppa vil det samtidig bli nedsett eit kontaktutval (referansegruppe) for IKT-sektorane, sett saman av medlemmene av den interdepartementale konvergensgruppa pluss representantar frå marknadsaktørar.

REGJERINGAS TILTAK

Ein god del av Regjeringas tiltak for næringslivet er generelle og ikkje IKT-spesifikke, men fleire av ordningane er spesielt viktige for IKT-næringa og for effektiv bruk av IKT i næringslivet. Regjeringa ser behov for å styrkje næringslivets kompetanse, bidra til å leggje til rette for berekraftig lokalt næringsliv, styrkje næringslivets innovasjonsevne, leggje til rette for effektiv vidarebruk av offentlege data og sjå nærare på regulatoriske utfordringar som den teknologiske utviklinga og utbreiinga av nye tenester fører med seg.

Regjeringas tiltak på desse områda er desse:

1. Styrkje løyvinga til Program for basiskompetanse i arbeidslivet:
Regjeringa ønskjer å styrkje løyvinga til Program for basiskompetanse og har foreslått å løyve 35,4 mill. kroner til programmet over 2007-budsjettet. Løyvinga for 2006 var på 25 mill. kroner.
2. Styrkje satsinga for å tiltrekke utanlandsk faglært arbeidskraft til norske bedrifter:
Regjeringa har i budsjettet for 2007 foreslått å løyve 2,5 mill. kroner til styrking av kapasiteten i Utlendingsdirektoratet (UDI) til behandling av

søknader frå faglært arbeidskraft. I budsjettet er det vidare foreslått at Arbeids- og velferdsetaten blir tildelt 7,5 mill. kroner til arbeidet med å styrkje støtta til arbeidsgivarar som ønskjer å rekruttere utanlandsk arbeidskraft gjennom EURES (det europeiske formidlingsarbeidet)

3. Berekraftige lokalsamfunn:

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for eit lønnsamt og konkurransedyktig næringsliv i alle delar av landet. Dette skal skje gjennom bruk av verke-middelapparata Innovasjon Noreg og SIVA.

4. Innovasjon i eksisterande næringsliv:

Regjeringa ønskjer å stimulere til innovasjon i eksisterande næringsliv gjennom å yte støtte til industrielle forskings- og utviklingskontraktar.

5. Leggje til rette for nytt kunnskapsintensivt næringsliv:

For å leggje til rette for nytt kunnskapsintensivt næringsliv vil Regjeringa styrkje løyvinga til etablerarstipend og inkubatorstipend.

6. Vidarebruk av offentleg informasjon:

Regjeringa vil føre ein heilskapleg politikk som sikrar effektivt vidarebruk av offentleg informasjon for auka verdiskaping og utvikling av nye tenester. For å leggje til rette for vidarebruk av offentlig informasjon, skal hovudregelen om at innsyn skal vere gratis oppretthaldast, og betaling skal berre takast i særlege tilhøve og då med eit kostnadsbasert prinsipp som hovudregel.

6.2 Komiteens merknader

Komiteen vil trekke fram at IKT-sektoren er en av landets største og viktigste næringer, noe som tydelig dokumenteres i meldingen. Selv om Regjeringens tiltak for næringslivet er generelle, så er det viktig å løfte fram virkemidler og satsinger som er viktige for IKT-næringen og for effektiv bruk av IKT i næringslivet.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, vil derfor at innovasjon og nyskaping i IKT-næringen bør få en større plass innenfor det samlede virkemiddelapparatet for næringsutvikling. Offentlig sektor er også en viktig aktør i å fremme norsk næringsutvikling basert på IKT.

Flertallet vil også trekke fram Regjeringens strategi for å øke IKT-kompetansen i arbeidsstyrken gjennom blant annet opptrappingen av Program for basiskompetanse i arbeidslivet, samt tiltak for å øke rekrutteringen av kvalifisert arbeidskraft fra land utenfor EØS. Flertallet støtter disse virkemidlene og tiltakene.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre støtter Regjeringens forslag om å styrke satsningen for å tiltrekke utenlandsk faglært arbeidskraft til norske bedrifter. IKT-næringen lider av mangel på kompetanse og det er nødvendig for denne næringen at UDI blir tilført ekstra midler slik at tidligere vedtak om en "fast-track" for ekspertinnvandring kan bli satt i verk. Disse medlemmer ber Regjeringen vurdere om det kan etable-

res en prekvalifiseringsordning der næringen selv tar ansvar for en del av kvalitetssikringen av arbeidstakere som søker om arbeidstillatelse over "ekspertkvoten". Dette vil kunne lette UDIs saksbehandling av denne type søknader og dermed redusere behandlingstiden. Tilgang på IKT-kompetanse i form av eksperter er svært viktig for at fornying i offentlig og privat sektor skal fortsette.

Komiteens medlemmer fra Høyre vil vise til representantforslag fra Høyre, Dokument nr. 8:32 (2006-2007). Tiltakene som der er foreslått vil bidra til å sikre nødvendig arbeidsinnvandring og dermed bedre tilgangen på arbeidskraft. Disse medlemmer vil vise til at i dokumentet fremmes følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen om å:

1. Snarest mulig fjerne overgangsreglene i forhold til arbeidstakere fra EØS-land.
2. Snarest mulig utforme en strategi for å informere utenlands (både innenfor EØS-området og utenfor) om muligheter for arbeid i Norge, herunder muligheten for norskkurs i utlandet og bruk av "jobbavis" eller lignende for å spre informasjon.
3. Utrede en modell med forhåndsgodkjenning av bedrifter og et hurtigsporsystem.
4. Endre reglene for arbeidstillatelse som faglært/specialist, slik at kravene til kompetanse i større grad bestemmes av arbeidsgiverne.
5. Forenkle prosedyrene for forlengelse/fornyelse av arbeidstillatelser.
6. Vurdere forenkling/endring av regelverket for arbeidsinnvandrere fra ikke-EU-land som ønsker å ha ektefelle/barn med til Norge.
7. Vurdere skatteincentiver for kompetent utenlandsk arbeidskraft med sikte på å gjøre Norge mer attraktivt for høykompetent arbeidskraft.
8. Åpne for nabolandvisum for russiske statsborgere.
9. Styrke Arbeidstilsynet for å sikre en god oppfølging av handlingsplanen mot sosial dumping.
10. Styrke samordningen mellom UDI, politiet, utestasjonene og likningsmyndighetene for å gjøre saksbehandlingen mer brukervennlig, og sikre en respons- og behandlingssgaranti.
11. Utrede muligheten for visum med lang varighet for arbeidstakere ansatt i bedrifter som er lokalisert både i Norge og i utlandet. Visumet må gi rett til ubegrenset inn- og utreise fra Norge. Dette må skje innenfor rammen av våre Schengen-forpliktelser."

Komiteens medlem fra Kristelig Folkeparti vil vise til behandlingen av Dokument nr. 8:32 (2006-2007).

Komiteens medlem fra Venstre vil peke på at det er flere tiltak som kan bedre saksbehandlingen i saker om arbeidstillatelse. Dette medlem er bekymret over at Utlendingsdirektoratets restanser øker, og at teknologibedrifter som er avhengig av personell med høy kompetanse blir tapere når saksbehandlingstiden er så lang som den er. Dette medlem viser til at det ikke alltid var like enkelt å få dyktige fagfolk fra utenfor EØS-området til å vente i flere måneder mens Utlendingsdirektoratet behandlet søknaden. Dette medlem er glad for at Regjeringen i budsjettet for 2007 foreslo å styrke kapasiteten i Utlendingsdirektoratet (UDI) til behandling av søknader om faglært arbeidskraft.

Dette medlem mener imidlertid at det må gjøres mer for å tiltrekke oss arbeidskraft. Dette medlem ønsker derfor at reglene om arbeidsinnvandring endres og justeres etter dagens og fremtidens behov. Overgangsreglene for de nye EU-landene bør oppheves og dagens kompetansekrav fjernes. Det bør innføres et jobbsøkervisum slik at folk utenfor EØS kan få søke jobb i Norge. Søknad om et slikt visum bør kunne behandles på utlendingsstasjonene. Dette medlem vil også utrede en ordning hvor det er mulig å søke om visum fra Norge hvis vedkommende allerede er i landet av lovlige grunner. I dag reiser mange unødvendig ut og inn av Norge for å omgå reglene om at en ikke kan søke fra Norge.

Videre ønsker dette medlem at utlending utenfor EØS-området som allerede har et konkret jobbtillbud i Norge, normalt bør få oppholdstillatelse for ett år av gangen. Dette medlem ønsker også at utenlandske studenter automatisk skal få seks måneders visum for å søke jobb etter fullført utdanning.

Det er en selvfølge for dette medlem at de som kommer til Norge for å jobbe, skal ha samme lønns- og arbeidsvilkår som nordmenn. Dette medlem vil derfor at det må innføres strengere sanksjoner for de arbeidsgivere som utnytter utlendinger når det gjelder lønn og arbeidsforhold.

7. EN DØGNÅPEN FORVALTNING - ELEKTRONISK SAMHANDLING I OG MED OFFENTLIG SEKTOR

7.1 Sammendrag

I kapittel 7 i meldinga går det fram at ei døgnopen elektronisk forvaltning gir bedre tenester.

Ambisjonar og mål

Noreg ligg langt framme internasjonalt i å ta i bruk IKT i offentlig sektor. Men sektoren er stor, aktørane er mange og samspelet kan bli betre.

Kvar einskild statleg verksemd har sjølv ansvaret for innkjøp eller utvikling av eigne IKT-løysingar, samtidig som vi har ein sjølvstyrt kommunal sektor. Mange elektroniske tenester er dermed lite samordna ved at løysingane har vore "lokalt" utvikla utan at det har vore stilt felles krav til løysing.

Regjeringas ambisjon er todelt. Brukarane skal møte ein open, tilgjengeleg og samanhengande offentlig sektor som tilbyr heilskaplege og fullstendige digitale tenester gjennom gode elektroniske sjølvbeteningsløysingar. Og Regjeringa vil effektivisere og frigjere ressursar ved bruk av IKT, for dermed å kunne styrkje det offentlege velferdstilbodet samtidig som administrasjonen blir redusert. Rett bruk av IKT gjer begge delar mogleg.

Elektronisk samhandling i og med offentlig sektor

Regjeringa vil leggje til rette for ei døgnopen elektronisk forvaltning der verksemdene i langt større grad må samarbeide. Dette vil utfordre organisatoriske, juridiske og forvaltningsmessige prosessar i offentlig sektor. Realiseringa av ei døgnopen forvaltning skal base-

rast på hovudprinsipp om utvikling av elektroniske sjølvbeteningsløysingar, etablering av tverrsektorielle fellesløysingar og etablering av felles arkitekturprinsipp for IKT-løysingane i offentlig sektor.

Ein slik arkitektur kan i utgangspunktet ikkje omfatte alle aspekt av offentlig IKT-bruk, men bør i første omgang fokusere på å samordne tenesteyting via Internett til innbyggjarar og næringsliv.

Tenester mot brukarane og fellesløysingar

Elektroniske tenester, både til innbyggjarar og næringsliv, skal vere tilgjengelege via innbyggjarportalen Miside og næringslivsportalen Altinn. Kvar einskild verksemd vil ha ansvaret for å følgje opp dette i praksis. Etableringa av tverrsektorielle felleskomponentar skal støtte opp om utviklinga av desentraliserte løysingar og verke på tvers av sektorgrenser og forvaltningsnivå. Eit døme på slike felleskomponentar er løysingar for sikker innlogging av personar og verksemdar. Vidare skal store nye statlege IKT-prosjekt vurdere i kva grad dei har komponentar som kan brukast i ein felles offentlig IKT-infrastruktur. Etableringa av felles arkitekturprinsipp for offentlig sektor er sjølvverket for oppbygging av offentlege IKT-system.

Programvarepolitikk

Regjeringa vil basere sin programvarepolitikk primært på opne standardar. Bruk av opne IKT-standardar er viktig fordi:

- det legg grunnlag for velfungerande elektronisk samhandling mellom offentlege verksemdar, og mellom offentlig sektor og omverda,
- det motverkar at offentlege verksemdar og brukarar blir låste til spesielle teknologiar og leverandørar,
- det ved publisering av informasjon og tenester frå offentlig sektor bidrar til likebehandling og inkludering av alle innbyggjarar, uavhengig av kva for programvare eller programvareplattform den einskilde vel, og
- det kan bidra til jamnare konkurransevilkår mellom aktørane, noko som kan vere til fordel for norsk IKT-næring.

Regjeringa ønskjer òg at offentlege verksemdar i større grad tek i bruk løysingar baserte på open kjeldekode. Open kjeldekode er programvare som blir tilbode under spesielle lisensvilkår som gir brukar tilgang til å lese kjeldekoden (i eit leseleg programmeringsspråk), og rett til å endre eller vidareutvikle programvara. Ein kultur for å dele eigenutvikla programvare vil kunne komme organisasjonar, bedrifter, studantar og IKT-spesialistar til gode.

Samordning

Realiseringa av prinsippa om bruk av opne IKT-standardar og open kjeldekode vil i større grad enn tidlegare krevje tverrsektorielle samordningsfunksjonar innan bl.a. standardisering, omgrepsbruk og finansie-

ring. Dermed er det også nødvendig å utgreie nye måtar å organisere og styre IKT-arbeidet på.

Det er eit innarbeidd styringsprinsipp i offentleg sektor at kvar einskild sektor og verksemd i størst mogleg grad sjølv skal bestemme over kva verkemiddel dei vil gjere bruk av for å oppfylle krav og forventningar frå overordna myndigheit. Dette gjeld òg for verksemdas investeringar i og bruk av IKT. Det betyr at kvar einskild sektor og etat også utarbeider eigne IKT-planar og strategiar. Linjeansvarsprinsippet blir gjenspegla ikkje minst i budsjettprosessane og i samband med regelverksutforming.

REGJERINGAS TILTAK

1. Etablering av elektroniske sjølvbeteningsløysingar:

Kvar einskild verksemd/sector må gjere relevante tenester tilgjengelege via portalane Miside og Altinn, i tillegg til evt. formidling gjennom verksemdas eigen nettstad. Verksemda/sectoren har ansvaret for å følgje opp dette tiltaket.

2. Etablering av ei publiseringsteneste for offentlege elektroniske postjournalar:

Denne skal bidra til å fremje openheit og styrkje demokratiet ved å gi folk flest betre kunnskap om og innsyn i offentlege aktivitetar, ressursbruk og resultat.

3. Systematiske brukarundersøkingar:

Alle statlege etatar skal gjennomføre systematiske brukarundersøkingar som også skal omfatte verksemdas utoverretta IKT-tenester. Som ein hovudregel skal resultatata offentleggjerast.

4. Etablere ein overordna IKT-arkitektur for offentleg sektor:

Arkitekturen skal vere lagdelt og vil minimum bestå av eit presentasjonslag, eit felleskomponentlag og eit verksemdslag. Arkitekturen skal i størst mogleg grad baserast på opne standardar og eit regime for informasjonstryggleik. Innan utgangen av 2007 skal det utarbeidast ei meir detaljert beskriving av arkitekturprinsippa med tilhøyrande strategi, målbilete og retningslinjer. Sektoranes og verksemdenes IKT-strategiar og store offentlege IKT-prosjekt skal byggje på og understøtte desse.

5. Utarbeiding av ein referanse katalog over forvaltningsstandardar:

Det skal etablerast forvaltningsstandardar som skal presenterast samla i ein såkalla referanse katalog. Referanse katalogen skal gi offentlege verksemdar, leverandørar og andre interesserte ei oversikt over tilrådde og obligatoriske forvaltningsstandardar med relevans for IKT-løysingar i det offentlege. Referanse katalogen skal byggjast opp gradvis over tid, og vil i 2007 bli utvida til fleire nye område.

6. Det skal vurderast å etablere felleskomponentar:

For å understøtte den stadig meir komplekse elektroniske samhandlinga i og med offentleg forvaltning, og samtidig bidra til ei mest mogleg brukarretta forvaltning som utnyttar knappe ressursar på ein mest mogleg effektiv måte, skal det vurderast å etablere felleskomponentar for offentleg sek-

tor. I den samanheng må ein bl.a. vurdere korleis dette bør finansierast, styrast og organiserast.

7. Samarbeid med store IKT-prosjekt om felleskomponentar:

I store nye IKT-prosjekt i staten skal prosjektet vurdere om dei kan bruke felles IKT-komponentar, eller om prosjektet kan ha eller utvikle komponentar som kan stillast til rådvelde for fellesskapet. Det er ein føresetnad at vurderingane ikkje må føre til særleg negative konsekvensar for prosjektet og for noverande driftsløysingar mv. knytte til desse.

8. Vurdere oppbygging av eit fornøye folkeregister:

Regjeringa skal i samband med arbeidet med felles personopplysningar vurdere eit fornøye folkeregister.

9. Vurdere felles krav for IKT-tryggleiksprosessar i staten:

På område der det er spesielle lovkrav, avtalerettslege forhold eller evt. særleg risiko, vil Regjeringa vurdere å stille krav om sertifisering. IKT-tryggleiken i offentleg sektor skal byggje på nasjonal strategi for informasjonstryggleik, jf. kap. 9.5. For å lykkast med å implementere elektronisk forvaltning er det derfor ein føresetnad at ein har systematisk styring av styresmaktenes og verksemdenes IKT-tryggleik.

10. Etablering av eit nasjonalt kompetansemiljø for open kjeldekode:

For at offentlege verksemdar skal ha betre føresetnader for å ha eit aktivt forhold til open kjeldekode, skal det opprettast eit kompetansemiljø som fungerer som nøkkelressurs for offentlege verksemdar på dette området.

11. Preferanse for open kjeldekode:

Regjeringa vil vurdere vilkåra for å kunne føre ein preferansepolitikk for open kjeldekode, slik at offentlege verksemdar skal velje open kjeldekode når slike løysingar er like kostnadseffektive og med god nok kvalitet i forhold til dei leverandøregde. I tillegg vil FAD vurdere etablering av generelle prinsipp om at programvare som blir utvikla på oppdrag frå det offentlege, skal gjerast tilgjengeleg som open kjeldekode.

12. Open kjeldekode som tema i relevant utdanning:

Regjeringa vil vurdere korleis ein kan styrkje opplæring og bevisstgjeringsom open kjeldekode i vidaregåande skuleopplæring, og samstundes forbetre undervisningstilbodet på dette området på høgskule- og universitetsnivå.

13. Avklare organisering av arbeidet med felleskomponentar:

Regjeringa vil vurdere korleis arbeidet med felles IKT-arkitektur for offentleg sektor, etablering av felleskomponentar, det vidare arbeidet med forvaltningsstandardar m.m. i tida framover bør organiserast, styrast og finansierast.

7.2 Komiteens merknader

Komiteen viser til at Norge er langt framme internasjonalt i å ta i bruk IKT i offentlig sektor, men at samspillet mellom aktørene kan bli langt bedre.

Komiteen viser til at alle aktuelle høringsinstanser er enig i at staten skal basere sin programvarepolitikk på åpne IKT-standarder.

Komiteen er klar over at innarbeidete styringsprinsipper tilsier at hver enkelt sektor i størst mulig grad skal bestemme virkemiddel som de vil bruke for å oppfylle krav og forventninger fra overordnet myndighet. Samtidig viser erfaringene fra flere store statlige IKT-prosjekter at det kan være behov for mer samhandling og felles arkitektur i forhold til systemene og programvare som blir innkjøpt og tatt i bruk, for å sikre at systemene kan kommunisere på tvers der det er behov for det. Det er viktig at bl.a. den nye NAV-etaten lærer av disse erfaringene og utvikler IKT-systemer som bygger på de forslag som fremmes i meldingen.

Komiteen har merket seg at høringsinstansene er opptatt av en bedre koordinering av statens innkjøp og styring av IKT. Komiteen er også opptatt av dette og ber Regjeringen vurdere hvordan en best kan sikre kvalitetssikring, gjenbruk og at systemene kommuniserer med hverandre i forbindelse med store IKT-investeringer.

Komiteen er opptatt av et bredt samarbeid for å utvikle gode digitale løsninger i det offentlige. Det er derfor viktig at de ansatte sikres medinnflytelse, samtidig som innbyggere, næringsliv og andre brukere høres. E-Bygg er et slikt eksempel på et samarbeidsprosjekt mellom kommuner, stat, fagbevegelse og næringslivet, og som har som mål å standardisere de tekniske løsningene ved digitaliseringen av byggesaker.

Komiteen vil vise til at for å sikre gode offentlige tjenester for brukerne, må informasjon og kommunikasjon være uavhengig av brukerens teknologivalg og funksjonsevne.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, viser til at Regjeringen vil etablere et nasjonalt kompetansemiljø for åpen kildekode, og støtter dette. Dette er viktig for utviklingsarbeid, innovasjon og nyskaping i offentlig virksomhet og IKT-bransjen. Flertallet vil be Regjeringen om å vurdere innspillet fra Teknologirådet om å etablere flere pilotprosjekter i det videre arbeidet.

Flertallet støtter også Regjeringens forslag om å vurdere en preferansepolitikk for åpen kildekode, samt de konkrete tiltakene i meldingen for å fremme en døgnåpen forvaltning og god elektronisk samhandling mellom offentlige virksomheter.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre ber om at det iverksettes effektmålinger av alle IKT-investeringer i offentlig sektor og et system for gjenbruk av løsninger.

Disse medlemmer mener at all offentlig informasjon og offentlige løsninger må bygge på åpne standarder og være universelt utformet. Offentlig informasjon må også kunne benyttes i næringsutvikling.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre mener at når man

vurderer om programvare med åpen kildekode skal velges, må ikke bare lisenskostnader, men også utgifter til opplæring og drift inngå i sammenlikningen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at økt bruk av IKT i offentlig sektor, internt i saksbehandlingen og i kommunikasjonen med innbyggerne legger til rette for effektivisering, bedre kvalitet og reduserte kostnader. Innsatsen representert ved IKT-investeringer i det offentlige forventes derfor i stor grad å fungere selvfinansierende; flere sektorer sett under ett. Dette tilsier vilje til forsert satsing og investering, også om de lønnsomme effekter ikke synliggjøres i ett og samme budsjettår. Disse medlemmer viser til at i Danmark er det fastslått at en investering i IKT i offentlig sektor på 1 mrd. kroner kan gi en innsparing på 17 mrd. kroner. Disse medlemmer advarer mot å anse "en krone brukt, som en krone tapt" i denne sammenhengen, men peker både på at investeringen må følges av oppfølging og krav til forventede innsparinger, og at effekten følges opp over flere år.

Disse medlemmer mener at det ikke er en statlig oppgave å bygge kompetanse i Norge på åpen kildekode, dette fordi man mener at markedet vil greie dette på egenhånd. Disse medlemmer vil derfor gå imot Regjeringens forslag om å etablere et nasjonalt kompetansesenter på åpen kildekode, fordi et slikt senter raskt vil ende opp med å konkurrere med nye og eksisterende kompetansemiljøer innen privat sektor. Disse medlemmer støtter imidlertid arbeidet som gjøres på å samordne IT-politikken, og viser til at disse medlemmer støttet Regjeringens bevilgning under kap. 1508 post 22 i Budsjett-innst. S. nr.13 (2006-2007).

Disse medlemmer ser at det i mange tilfeller er gevinster knyttet til åpen kildekode når det gjelder åpenhet, stabilitet, adaptibilitet, kvalitet, innovasjonstakt, sikkerhet og pris. Disse medlemmer mener allikevel at spørsmålet om man skal velge åpen kildekode eller om man skal benytte proprietær programvare, bør være opp til den enkelte virksomhet ut ifra hva som er mest hensiktsmessig under hensyn til sikkerhet, økonomi, samordning og kommunikasjon med andre systemer i offentlig sektor.

Disse medlemmer er av den oppfatning at det norske utdanningssystemet skal tilby den utdanningen studenter og arbeidsgivere etterspør. Disse medlemmer mener derfor at Regjeringens tiltak om å vurdere åpen kildekode som tema i relevant utdanning er unødvendig, fordi et slikt tilbud bør vokse frem nedenfra gjennom etterspørsel, og ikke gjennom statlige pålegg og tiltak.

Sikkerhet

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre ber Regjeringen sette fortgang i arbeidet med etableringen av elektronisk signatur og elektronisk ID. Verifisering av innhold skal innen år 2009 alltid kunne garanteres ved hjelp av elektroniske signaturer. Disse medlemmer er også opptatt av at nødvendig infor-

masjonssikkerhet ivaretas i alle offentlige tjenester og databaser for privatpersoner og virksomheter. Det bes derfor om at Regjeringen vurderer en endring av anbuds- og innkjøpsreglement for det offentlige, der informasjonssikkerhet alltid skal vurderes.

Disse medlemmer er kjent med at det arbeides med ny og sikrere smartkortteknologi. Dette er et viktig arbeid som vil ha stor betydning for fremtidig tillit til elektronisk handel, transaksjoner og informasjonssikkerhet generelt.

8. PERSONVERN

8.1 Sammendrag

Av kapittel 8 i meldinga går det fram at eit godt personvern er ein føresetnad for informasjonssamfunnet.

Personvern kan definerast og framstillast på mange ulike måtar. Sentralt står at kvart einskild menneske er ukrenkjeleg og har krav på respekt frå andre menneske, respekt for eigen integritet og privatlivets fred. Personvernet er såleis nært knytt til einskildindividets høve til privatliv, sjølvråderett (autonomi) og sjølvutfolding. Retten til privatliv følgjer bl.a. av den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 8 og står sentralt i EUs personverndirektiv (95/46 EF).

Vi etterlet oss stadig fleire elektroniske spor, samtidig som personvernet blir utfordra gjennom ei meir omfattande registrering og intensiv bruk av personopplysningar. Føremåla kan ofte vere dei aller beste, nettopp derfor er det òg viktig å erkjenne kor sårbart personvernet er. At det er viktig å kjempe mot terrorisme og organisert kriminalitet, er vanskeleg å argumentere mot, og dermed er det også lettare å få aksept for "nye" overvakings- og kontrolltiltak. Personvernet risikerer dermed å "byttast bort" mot økonomiske eller andre fordelar.

Det er fleire sentrale myndigheitsorgan på personvernområdet. Justisdepartementet har ansvar for personopplysningsloven, Helse- og omsorgsdepartementet har ansvar for helseregisterloven og Fornyings- og administrasjonsdepartementet har ansvar for personopplysningsforskriftene, etatsstyring av Datatilsynet og det administrative ansvaret for Personvernemnda.

Nedsetjing av ein personvernkommisjon

Undersøkingar viser at kunnskapen om personvern er dårleg, både blant folk flest og i bedriftene. Det same gjeld etterlevinga av personvernlovgivinga.

Personverninteressene blir utfordra av andre interesser, både kommersielle og ideelle interesser. Særleg den einskildes ønske om diskresjon kan komme i konflikt med andre interesser. Kvart einskilt tiltak kan verke harmlaust, men summen av tiltak over tid kan vere uheldig for personvernet. Ei viktig utfordring framover vil vere å ha blick for heilskapen og dei mangearta personvernutfordringane vi står overfor. Regjeringa foreslår derfor å etablere ein personvernkommisjon som skal gjennomføre ein heilskapleg statusgjennomgang, og samtidig utgreie korleis personvernet kan unngå å lide skade ved innføring av ny teknologi.

Andre tiltak

Parallelt med arbeidet med å etablere ein personvernkommisjon vil Regjeringa setje i verk andre nødvendige tiltak, med blant anna fokus på retten til å vere anonym, og utvikling av løysingar som sikrar eit slikt tilbod der anonymitet er tenleg og identifikasjon ikkje nødvendig. Regjeringa vil også ha tiltak for å stimulere til bruk og utnytting av teknologi på måtar som styrkjer personvernet, blant anna ved bruk av såkalla personvernframjande teknologiar. Vidare blir det skissert tiltak for å greie ut behovet for betre samordning av ulike tilsynsmyndigheiter og behovet for betre harmonisering av regelverket på personvernområdet.

Meldinga foreslår også tiltak for å auke kunnskapen om personvern og lovgivinga på området, særleg med omsyn til bevisstgjerings og målretting av informasjon til barn og unge om trygg og sikker bruk av Internett. Rettstryggleiken ved bruk av automatiserte avgjerdestøttesystem, og innføring av eventuelle krav til ivaretaking av personvern i innkjøps- og utviklingsprosessar, er andre område som blir tekne opp.

REGJERINGAS TILTAK

1. Nedsetjing av ein personvernkommisjon:

Kommisjonen skal ta for seg den sårbare stillinga personvernet har i møte med den teknologiske utviklinga og komme med forslag som kan styrkje personvernet sin status. Her skal ein også sjå nærmare på samanhengen mellom ulike føresegner som regulerer personvern for å sikre koordinering, harmonisering av omgrepbruk og hindre overlapping, og for å gjere regelverket lettare tilgjengeleg:

- Forholdet mellom personopplysningsloven og særlovgivinga.
- Forholdet mellom teiepliktføresegner innanfor ulike område.
- Behovet for konkrete rettslege reguleringar på livsområde der det er eit særleg behov for avklaring av personvernspørsmål.
- Utvikling av meir sektorprega retningslinjer.

2. Regjeringa går inn for at det framleis må vere tilbod om anonyme løysingar i samanhengar der det ikkje er nødvendig å identifisere seg.

Anonyme løysingar skal vere tilgjengelege i samanhengar der dette er føremålstenleg. Regjeringa vil greie ut moglegheita for

- Pseudonyme løysingar som alternativ til full anonymitet og full identifikasjon.
- Pseudonyme sertifikat i løysingar for digital signatur der dette er tilstrekkeleg.
- Anonyme betalingskort som alternativ til bankkort/kredittkort som er knytte til identitet.

3. Regjeringa vil setje i verk tiltak som støttar bruk av personvernframjande teknologi. Det offentlige bør vise veg i dette arbeidet gjennom:

- Regelverksendringar som gir meir direkte støtte til bruk av personvernframjande teknologi.
- Personvernkrav som standard i nye IKT-system, bl.a.:

- Krav til implementering av meir finmaska styring av tilgangssystem til informasjonssystem på basis av eit "need-to-know-prinsipp".
 - Krav til at det skal vere mogleg å logge transaksjonar.
4. Regjeringa vil setje i verk tiltak for å betre verksemdenes etterleving av personopplysningsloven, irekna å
 - Utarbeide sektorvise rettleiarar "best practice" med tilråding av gode teknologiske løysingar.
 - Utarbeide eit gjennomgripande kompetanseprogram som skal inngå i ulike samanhengar.
 5. Regjeringa vil greie ut korleis rettstryggleiken kan varetakast på ein tilstrekkeleg måte i forhold til heil- og delvis automatiserte avgjerdsloysingar. Ein skal òg sjå på høvet til klage og omgjerding ved eventuelle feil, høvet til innsyn og dokumentasjon og kor tilgjengelege ulike program er.
 6. Regjeringa vil setje i verk utgreiingsarbeid der ein vil sjå nærmare på:
 - Utvikling av verktøy for gjennomføring av internkontroll i samsvar med personopplysningsloven.
 - Utvikling av generelle verktøy for varetaking av krav til informasjonstryggleik.
 - Korleis ein kan gjera personopplysningsloven meir operativ gjennom forenkling og rydding av vanskelege omgrep.
 - Behovet for harmonisering med anna regelverk på personvernområdet.
 7. Regjeringa vil gå gjennom arbeidsdelinga mellom Datatilsynet og andre tilsynsmyndigheiter som har oppgåver som omfattar behandling av personvernopplysningar, med tanke på å leggje til rette for nærmare samarbeid og samordning.
 8. Det skal setjast i verk tiltak for å sikre at bevisstgjerding av barn og unge om personvern og digital dømmekraft står sentralt i undervisninga, gjennom målretta informasjon om teknologiske moglegheiter og utfordringar på personvernområdet.
 9. Regjeringa vil setje i verk tiltak som sikrar tilstrekkeleg kompetanse, forståing og intern metodikk hos styresmakter og verksemdar. Tiltaka skal sikre at det blir vurdert å ta personvernsspørsmål og tenlege tiltak tidleg inn i regelutvikling som omhandlar innkjøps- og andre utviklingsprosessar.
 10. Regjeringa vil treffe tiltak for å systematisere og styrkje forskingsinnsatsen på personvernområdet. Det bør etablerast eit tverrfagleg forskingsprogram på IKT og personvern i vid tyding av problemstillinga.

8.2 Komiteens merknader

Komiteen vil peke på at teknologien kan og må utnyttast også for å styrke personvernet. Innbyggerne må på en enkel måte få tilgang til personlege data som offentlege myndigheter/enheter har registrert og oversikt over bruken av slike data.

Komiteen har merket seg at Regjeringa vil iverksette tiltak som støtter bruk av personvernfræmmende

teknologi, og tiltak for å sikre at offentlig sektor etterlever personopplysningslovens bestemmelsar.

Komiteen har merket seg påpekninga av at automatisert saksbehandling innan offentlig sektor vil øke og derved i økende grad danne grunnlag for vedtak i enkeltsaker. Komiteen vil peke på at det er viktig at både personvern og rettssikkerhet ivaretas.

Komiteen deler bekymringa for den sårbare stillinga personvernet har i møtet med den teknologiske utviklinga, der spesielt nye digitale løysingar, økt konvergens mellom ulike medier og teknologier og økt elektronisk overvåking og registrering, byr på store utfordringar når det gjelder å ivareta rettssikkerhet og personvern.

Komiteen vil vise til årsmeldinga fra Datatilsynet og Personvernemnda som inneheld tankevekkende bekymringsmeldingar, blant annet undersøkelser som avdekkar manglande oppfølging, sikkerhetsnivå og kunnskaper om personvern blant arbeidsgivere og arbeidstakere.

Komiteen vil vise til Datatilsynets årsmelding for 2005 som pekar på flere tydelige trender hvor personvernet enten står under et sterkt press eller er på vikkende front. Dette gjelder områder som privat etterforskning, unngåelse av informasjonsplikten, internasjonal bekjempelse av kriminalitet og terror, press mot taushetsplikt og personvern knyttet til offentlege databaser og journalsystemer, gjenbruk og lagring av sensitive personopplysningar, publisering av personopplysningar på Internett og andre nye medier og bortfall av anonyme/sporløse alternativar.

Komiteen vil peke på at retten til å være anonym i utgangspunktet gjelder overalt, både på vegane, når man snakkar i telefonen eller når man surfer på Internett. Komiteen er derfor glad for at Regjeringa nå signaliserer at det skal legges opp til reelle sporfrie alternativar i bomstasjonene.

Komiteen understrekar betydninga av og behovet for Datatilsynet.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Høyre, viser til at Datatilsynet har arbeidet med flere saker som vil berøre en stor gruppe personer, dette gjelder også de som ikke er mistenkt for noe. Det å være skeptisk til bruk av overvåking og lagring av informasjon fra den enkelte blir ofte møtt med at: den som ikke har noe å skjule, har heller ikke noe å frykte. Flertallet mener at det å bruke denne typen argumentasjon er å sette det hele på hodet. Det er det samme som å si at vi ikke bør ha krav på noe privatliv, og at det ikke finnes grenser for hvor langt inn i den private sfæren staten skal ha rett til å gå.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre og Venstre mener at Datatilsynets virksomhet må styrkes. Samtidig er det viktig at samarbeid med andre tilsynsmyndigheter og ombud styrkes. Endelig pekar disse medlemmer på behovet for å forsterke en aktsom holdning i alle offentlege etater til personvernsspørsmål, til rettssikkerhet knyttet til automatisert saksbehandling og til samarbeid med Datatilsynet.

Nærmere om kommisjon for personvern mv.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, mener at et sterkt personvern er avgjørende både for den enkeltes frihet og for demokratiet. Vernet om den private sfæren er en forutsetning for et fritt samfunn. Friheten forutsetter at hvert menneske vernes mot utilbørlig registrering, overvåking og inngripen i privatlivet. Flertallet vil peke på at vi stadig ser et økt press mot personvernet. Den teknologiske utviklingen og ulike krav til kontroll og sikkerhet stiller oss overfor store utfordringer knyttet til en prinsipiell personvernpolitikk.

Flertallet vil vise til forslaget fra representantene Lars Sponheim og Odd Einar Dørum om oppnevning av en kommisjon for personvern, Dokument nr. 8:54 (2005-2006). Flertallet er glad for at Regjeringen støtter forslaget om opprettelse av en personvernkommisjon.

En slik kommisjon vil etter flertallets syn kunne gjennomgå de utfordringer personvernet står overfor i dag og i tiden som kommer. Flertallet mener kommisjonens arbeid bør kunne ut i en utredning som gir Stortinget en helhetlig oversikt over utfordringene for personvernet. Flertallet vil samtidig peke på at en slik kommisjon må kunne fremme forslag som kan øke bevisstheten om personvern, og ruste oss mot en framtid hvor det stadig vil komme nye saker i spennet mellom et godt personvern og andre hensyn. Flertallet vil i den forbindelse peke på hvor stor utfordring det er å være i forkant av, eller i takt med den teknologiske utviklingen.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, mener at trender som viser at personvernet enten står under et sterkt press eller er på vikende front, underbygger forslaget fra Regjeringen om å nedsette en personvernkommisjon med sikte på en bred gjennomgang for å styrke personvernets stilling. Flertallet støtter også Regjeringens forslag om å styrke personvernet gjennom personvern-fremmende teknologier og gjennom krav om anonyme løsninger der anonymitet er tjenlig for individ og samfunn og der identifikasjon ikke er nødvendig.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre ser at en eventuell implementering av EUs datalagringsdirektiv vil få konsekvenser for den grunnleggende retten til å kommunisere anonymt. Disse medlemmer er bekymret for at en eventuell implementering av dette direktivet vil gripe inn i både ytringsfriheten og personvernet, og fremmer derfor følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen, ved eventuell implementering av Datalagringsdirektivet (2006/24/EF), sikre at dataopplysninger som direktivet pålegger landene å lagre, maksimalt lagres i seks måneder som er direktivets minimumsramme."

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre og Venstre viser til at den teknologiske utviklingen har gått fremover i høyt tempo, og at utviklingen også i de kommende årene vil gå svært raskt fremover. Disse medlemmer er svært positive til at man må fortsette å legge til rette for at den teknologiske utviklingen fortsetter. Disse medlemmer vil allikevel peke på at man med en så rask teknologisk utvikling, må sørge for å møte utfordringene i forhold til hvordan man må forholde seg til en rekke problemstillinger som man ikke så den gangen teknologien ble tatt i bruk. Disse medlemmer vil spesielt peke på viktigheten av å sikre den enkeltes personvern.

Disse medlemmer støtter opprettelsen av en personvernkommisjon slik det er beskrevet i tiltak 8.1 i meldingen. Disse medlemmer legger til grunn at personkommisjonens arbeid fremlegges som melding til Stortinget. Disse medlemmer forutsetter at Stortinget holdes orientert om kommisjonens arbeid og at meldingen som følger opp kommisjonens arbeid fremlegges for Stortinget innenfor en tidsramme på 2 år.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen legge frem en melding basert på personvernkommisjonens arbeid innen 2 år etter kommisjonens oppnevning."

Disse medlemmer understreker, slik det også gjøres i meldingen, at arbeidet i en kommisjon bør skje parallelt med revisjon av personopplysningsloven. I tillegg må annet arbeid for å sikre og styrke personvernet ikke stoppe i påvente av personvernkommisjonens arbeid. Det må arbeides aktivt med andre tiltak.

Disse medlemmer peker spesielt på at retten til å være anonym henger nøye sammen med retten til privatliv som er nedfelt bl.a. i den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 8. Disse medlemmer vil også understreke, slik meldingen gjør, at det er behov for en bred sektorovergripende rettspolitisk diskusjon omkring den fremtidige retten til anonym aktivitet. Disse medlemmer vil sterkt understreke at det fortsatt ikke bare skal være mulig, men også en rett å være anonym for enkeltpersoner. Disse medlemmer understreker at tekniske løsninger for å sikre dette finnes. Det skal også være et krav til nye løsninger at anonymitet sikres.

Disse medlemmer vil understreke at den første oppgaven der Regjeringen vil bli testet på personvern, er implementeringen av EUs datalagringsdirektiv 2006/24/EF. Disse medlemmer stemte ikke for et forslag fra Venstre fremsatt i Stortinget den 8. mars 2007 om å pålegge Regjeringen det eksakte alternativet 6 måneder, direktivets minimumsramme, men understreker at Fremskrittspartiet og Høyre er opptatt av at Norge velger en streng implementering. Disse medlemmer ber Regjeringen se hen til de øvrige nordiske lands håndtering av saken. Det må være strenge rutiner og hyppig kontroll med sletting og hvem som har tilgang til systemer som lagrer personopplysninger.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Venstre har merket seg behovet for å samle, ajourføre og klargjøre lover og forskrifter som gjelder personvern. Disse medlemmer understreker også behovet for at arbeid med nye lover/lovendringer også omfatter personvernaspektet.

Disse medlemmer peker på at det samme hensyn også gjelder mht. innkjøp og utvikling av datastøttesystemer. Det er imidlertid viktig at slike hensyn vektlegges fra start for å unngå unødige ekstrakostnader. Disse medlemmer understreker at personvern ikke er til hinder for å oppnå effektivisering og forbedringer ved hjelp av IKT.

Disse medlemmer understreker følgende grunnlag for personvern; retten til å være anonym, retten til å kreve sletting av elektroniske spor og krav om ikke-aktiv overvåking der tiltak ikke er begrunnet med trygghet for liv, helse og eiendom.

Disse medlemmer mener at det å gjenbruke personopplysninger for nye formål, er problematisk for personvernet av flere årsaker. Den registrertes rett til kunnskap om hva opplysningene om ham eller henne skal brukes til, står helt sentralt i europeisk personverntenkning. Den registrerte blir informert om ett formål, og danner seg en forståelse av hvordan opplysningene skal brukes. Dersom opplysninger blir benyttet til nye formål som den registrerte ikke har vært kjent med, så fjerner man muligheten til oversikt. Uten oversikt blir den enkelte fratatt muligheten til å bruke sine øvrige rettigheter etter personvernlovgivningen. Den som har opplysninger, får mer makt på bekostning av den registrerte. Forskjellige formål kan også innebære ulike krav til kvalitet og etterrettelighet. Opplysninger som er innsamlet for ett spesifikt formål, er ikke automatisk tilstrekkelige og relevante for alle andre formål.

Disse medlemmer vil understreke at spørsmål knyttet til overvåking og registrering i samferdselssektoren er viktige spørsmål som det er på høy tid å få drøftet på bred basis. Helautomatiske bomstasjoner på veganlegg, betalingsbrikke plassert i bil for betaling på veg og ferjer, for annen transport og i parkeringsanlegg gjør "sporing" mulig. Slike og liknende tiltak innenfor samferdselssektoren kan ses på som skritt i retning av et overvåkingssamfunn, der det vil være mulig å overvåke overalt og alltid hvor vi kjører, når vi kjører, hvor fort vi kjører og hvordan vi kjører. Retten til å kunne bevege seg fritt og uregistrert på norske veger er en viktig rett, og derfor bør tiltak som reduserer eller begrenser denne retten diskuteres nøye. Disse medlemmer viser til at med varslede tiltak innen samferdselssektoren ikke så langt frem i tid, blir det ingen mulighet til å være anonym, det gir mindre frihet for lovlydige borgere.

Disse medlemmer viser til at Datatilsynet i brev av 10. oktober 2006 til Samferdselsdepartementet vedr. EFC-direktivet, spesielt har pekt på at det i utkast til kommende samtykkeproposisjon ikke ser ut til at Stortinget blir "informert på den måte, med den grundighet og den respekt det fortjener" og at "proposisjonsutkastet omhandler bare et lite element av den overvåkingsstruktur som nå introduseres i samferdselssektoren".

Videre heter det at Datatilsynet mener "EFC-direktivet kan åpne for et av de mest personverninnngripende tiltak som er plassert på den politiske dagsorden de 26 år Datatilsynet har eksistert".

Disse medlemmer viser også til at Teknologirådet sammen med kolleger i en rekke europeiske land har gått gjennom personvernets stilling. Det legges hver dag igjen en rekke elektroniske spor som viser ut skillet mellom hva som er privat og hva som er offentlig. Teknologirådene anbefaler skjerpede tiltak for å styrke personvernets stilling. Disse medlemmer peker på at dette er særlig aktuelt innenfor samferdselssektoren.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen legge frem forslag om å lovfeste lovlydige borgers rett til anonym ferdsel i vegtrafikken."

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil peke på at overvåkingssystemer kan misbrukes, og at de kan endre maktbalansen mellom den enkelte og det offentlige. Disse medlemmer er opptatt av å sikre den enkeltes personvern, og er derfor sterkt bekymret for de svake begrunnelsene man legger til grunn for å lagre alle våre bevegelser, og den manglende viljen man ser til å vurdere risikoen ved systemene. Disse medlemmer mener at det av og til kan virke som om systemene tas i bruk bare fordi løsningene finnes, og fordi det er effektivt og praktisk for den som overvåker, at enkeltmennesket automatisk blir identifisert.

Disse medlemmer vil vise til at for Fremskrittspartiet blir det spesielt provoserende at en av hoveddrivkreftene for dette er økende omfang av bompengefinansiering og tilhørende innkreving av bompenger.

Disse medlemmer forutsetter at Personvernkommisjonen vurderer slike problemstillinger nøye.

Disse medlemmer understreker igjen retten til å være anonym, retten til å kreve sletting av elektroniske spor og krav om ikke-aktiv overvåking der tiltak ikke er begrunnet med trygghet for liv og helse.

Disse medlemmer vil peke på at ved behandling av saker som gir mulighet for overvåkning av kjøretøy og personer, vil Fremskrittspartiet primært kreve slike saker utsatt til personvernforhold er behandlet; subsidiært legge inn forslag om ikke-aktiv overvåkning og aktiv sletting av spor.

Disse medlemmer vil videre peke på at det er viktig at personvern hensyn og personvernvennlige teknologier innarbeides i slike prosjekter allerede i designfasen, og at det bør kunne settes krav til at konsekvensvurdering også gjennomføres for personvernforhold i slike saker.

9. IKT-SIKKERHET

9.1 Sammendrag

Av kapittel 9 i meldinga går det fram at alle har ei rolle i å vareta IKT-tryggleiken i samfunnet.

Kompleksiteten i dagens IKT-system og nettverk aukar, både i det private næringsliv og i offentleg forvaltning. Når i tillegg samfunns- og verksemdskritiske system blir kopla mot Internett står vi overfor store tryggleiksutfordringar. Arbeidet med IKT-tryggleik omfattar i denne samanheng vern og utvikling av informasjonssystem og nettverk slik at dei blir robuste og sikre. I tillegg handlar det om å innføre nye tenkje- og handlemåtar ved bruk av informasjonssystem og nettverk og ved utveksling av informasjon. Berre ei tilnærming som tek tilbørleg omsyn til interessene til alle aktørane og til arten av system, nettverk og tilknytte tenester, kan sørgje for effektiv IKT-tryggleik.

Problemstillingar ein arbeider med på dette området, i tillegg til dei generelle personvernutfordringane, er pornografi, valdeleg innhald, mobbing mv. Eit særskilt fokus er retta mot å verne barn og unge mot ulovleg og skadeleg innhald på nett. Tryggleik på nett er nært knytt til digital kompetanse.

Omgrepet IKT-tryggleik byggjer på desse tre basiseigenskapane:

- Integritet - at systemet er sikra mot manipulering med systemets funksjon og informasjon.
- Tilgjengelegheit - at systemet er sikra mot avbrot i den forventa funksjonen og at systemet har tilgang til nødvendig datainnhald.
- Konfidensialitet - at systemets funksjon og datainnhald er sikra mot innsyn.

IKT-tryggleiken er eit naturleg deltema i den samla IKT-politikken. Dette kapitlet, og spesielt avsnitt 9.4, utgjer dessutan Regjeringas svar på den utgreiinga Stortinget har bedt om den 2. mars 2006, under behandling av Riksrevisjonens undersøking om å sikre IT-infrastruktur, jf. Dokument nr. 3:4 (2005-2006) og Innst. S. nr. 85 (2005-2006).

Regjeringas ambisjonar og mål

Regjeringas overordna mål er at den generelle IKT-tryggleiken i samfunnet skal vere god. Samfunnskritisk IKT-infrastruktur skal vere robust og sikker i forhold til dei truslar den blir utsett for. Dei kritiske informasjonssystema skal vere sikra slik at skadeverknadene ved tryggingsbrot ikkje er større enn det ein kan definere som akseptabel risiko.

Det generelle medvitet om risikoar knytte til informasjonssystem og nettverk, om politikk, rutinar, tiltak og prosedyrar for å ta hand om desse risikoane, og om behovet for at dei blir sette i verk, skal aukast. Tidlegare har IKT-tryggleik vore ei oppgåve for spesialistar. Dette er grunnleggjande endra. No har alle ei rolle i å få til IKT-tryggleik i praksis: offentleg sektor, private bedrifter, og dei individuelle brukarane både på jobben og i fritida.

Riksrevisjonens undersøking av myndigheitenes arbeid med å sikre IKT-infrastruktur (Dokument nr. 3:4 (2005-2006)) konkluderer med at IKT-tryggleiksarbeidet i Noreg er prega av mange aktørar og uklare ansvarsforhold og at få planlagde tiltak i Nasjonal strategi for informasjonstryggleik er gjennomførte. Riksrevisjo-

nen meiner at det offentleg vern mot IKT-angrep no bør få høgaste prioritet, og at departementa må leggje meir vekt på ei koordinert, heilskapleg styring og oppfølging av arbeidet med IKT-tryggleik.

Rapporten er behandla av Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité, og komiteen leverte si innstilling 7. februar 2006. Stortinget behandla innstillinga frå kontroll- og konstitusjonskomiteen (Innst. S. nr. 85 (2005-2006) 2. mars 2006. Komiteen har i sine merknader konstatert at det framleis manglar grunnleggjande avklaringar når det gjeld ansvarsfordelinga for koordinering og tverrgåande tilsynsoppgåver innan IKT-tryggleik.

Regjeringa har gjennomgått ansvarsforholda rundt IKT-tryggleiken.

På same måte som for anna arbeid med tryggleik og beredskap, tek alt IKT-tryggleiksarbeidet utgangspunkt i tre berande prinsipp:

- Ansvarsprinsippet: Den som har eit ansvar i ein normal situasjon, har også ansvar ved ekstraordinære hendingar.
- Likskapsprinsippet: Den organisasjon ein har til dagleg, skal vere mest mogleg lik den ein har under kriser.
- Nærleiksprinsippet: Kriser skal handterast på lågast mogleg nivå.

Primæransvaret for sikring av informasjonssystem og nettverk ligg hos eigar eller operatør, derneft har kvart fagdepartement eit overordna sektoransvar. Fornyings- og administrasjonsdepartementets samordningsansvar for IKT-tryggleik skal berre gjelde førebyggjande, tverrsektorielt arbeid. I tråd med dette har Regjeringa i budsjettframlegget for 2007 foreslått å overføre budsjettansvaret for NorCERT (Norwegian Computer Emergency Response Team) frå FAD til Forsvarsdepartementet. FAD har ansvaret for Norsk Senter for Informasjonssikring, NORSIS, som arbeider førebyggjande.

Mål og strategi for å styrkje IKT-tryggleiken

For å sikre den norske informasjonsinfrastrukturen er det nødvendig å:

- Sørgje for god vern av informasjonsinfrastrukturen gjennom førebyggjande tiltak. Tiltaka som blir sette i verk vil vere av teknisk så vel som av administrativ karakter.
- Kunne svare effektivt på IKT-tryggleikshendingar gjennom beredskapstiltak. Tiltaka som blir sette i verk vil vere av teknisk så vel som av administrativ karakter.
- Sørgje for berekraft i tryggleiksarbeidet gjennom bl.a. kompetanseutvikling og standardisering.

Koordineringsutvalet for førebyggjande informasjonstryggleik (KIS) har sett i gang eit arbeid med å revidere Nasjonal strategi for informasjonstryggleik.

Informasjonstryggleik er ei tverrsektoriell utfordring. Regjeringa vil vise til at det er viktig å vise flek-

sibilitet i utnyttinga av samfunnet sine samla ressursar på dette området. Det må i større grad enn i dag vere vilje til å setje inn ressursane der behovet til kvar tid er størst, og på dei område og tiltak som gir størst effekt for IKT-tryggleiken. For å oppnå kostnadseffektive tiltak knytt til sikring av IKT-infrastruktur er det viktig å innrette planlegging og finansiering fleksibelt slik at tiltaka som skal setjast i verk i størst mogleg grad blir koordinert og integrerte med anna planlagd utbygging av infrastruktur.

Stortinget vil bli orientert om hovudpunkta i den reviderte informasjonstryggleiksstrategien i samband med budsjettproposisjonen for 2008.

9.2 Komiteens merknader

Komiteen er bekymret over manglende sikkerhet knyttet til IKT og infrastruktur, og er kjent med Riksrevisjonens rapport som har evaluert forhold knyttet til informasjonssikkerhet.

Komiteen er kjent med at Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) 13. mars 2007 sendte ut på høring et forslag til strategi for bruk av eID og e-signatur i offentlig sektor. Samtidig ble det fra Justisdepartementet sendt et forslag om nasjonalt ID-kort på høring, som det foreslås at også styres med elektronisk ID. Forslaget fra FAD innebærer at det skal utvikles et felles rammeverk for autentisering for offentlig sektor. Dette medfører at den enkelte innbygger kan bruke samme eID mot alle offentlige virksomheter.

Komiteen vil trekke fram personvernutfordringer knyttet til Internett med pornografi, voldelig innhold, mobbing, spredning av personlig informasjon osv. Det er særlig viktig å ha fokus på barn og unges rettigheter og krav på beskyttelse. Trygghet på nett er nært knyttet til digital kompetanse. Komiteen støtter Regjeringens satsing på økt IKT-kompetanse blant barn og unge, inkludert styrking av digital dømmekraft og nettvett.

Komiteen viser til gjennomgangen av Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes arbeid med å sikre IKT-infrastruktur. Her konkluderes det med at IKT-sikkerheten er preget av mange aktører og uklare ansvarsforhold og at planlagte tiltak ikke blir gjennomført.

Komiteen er tilfreds med Regjeringens oppfølging av Riksrevisjonens undersøkelse. Koordineringsutvalget for forebyggende informasjonssikkerhet har satt i gang et arbeid med å revidere Nasjonal strategi for informasjonssikkerhet. På grunn av sterk dynamikk på området er den gjeldende strategien utdatert når det gjelder faglig innhold og tiltak.

Komiteen viser til at Regjeringen i sin reviderte strategi for informasjonssikkerhet trolig vil vektlegge noen tiltaksområder sterkere framover. Det gjelder spesielt behovet for å verne samfunnskritisk IKT-infrastruktur, å fremme en trygghetskultur i forhold til informasjonssystemer og nettverk, samt styrke den norske forskningskompetansen innenfor IKT-sikkerhet. Komiteen støtter disse vurderingene.

Komiteen ser fram til at Regjeringen orienterer om den reviderte strategien for informasjonssikkerhet i budsjettproposisjonen for 2008.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre ønsker årlige tilbakemeldinger til Stortinget på statusen i arbeidet med IKT-sikkerhet og sårbarhet. Disse medlemmer vil understreke at mye, som med relativt beskjedne midler, kan gjøres på den enkelte arbeidsplass og i det enkelte hjem i forhold til IKT-sikkerhet. Disse medlemmer er derfor opp-tatt av at det offentlige i samarbeid med arbeidslivets organisasjoner, driver holdningsskapende arbeid. I sum er denne innsatsen svært viktig.

10. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSER

10.1 Sammendrag

Framtidige tiltak på dei områda som er tekne opp i meldinga, vil bli vurderte i samband med dei årlege forslaga til statsbudsjett.

Gevinstar frå investeringar i IKT oppstår ofte andre stader enn der investeringa skjer, og gjerne nokre år seinare. Det er derfor utfordrande å estimere effektar, og konsekvensvurderingane bør tolkast i lys av dette.

Konsekvensar av tiltak i kapittel 4 - digital inkludering

Arbeidet med å sikre eit breibandstilbod til dei siste 4-5 prosentane av befolkninga er godt i gang med løyvingane på 2007-budsjettet. Eventuelle behov utover det som no ligg av midlar i 2007 budsjettet, vil bli vurderte i samband med budsjettframlegga.

Forslaga om publikumsterminalar ved alle relevante offentlege kontor, ei styrkt rolle for biblioteka som formidlar og identitetsforvaltning i grunnopplæringa skal følgjast opp innanfor dei økonomiske rammene som gjeld. Forslaga er ei oppfordring til verksemdene, og ikkje absolutte krav. I NAV er installering av publikumsterminalar allereie planlagd. Det er gitt auka løyvingar til digitale læremiddel i utdanningssektoren.

Ein plan frå Nasjonalbiblioteket for digitalisering av deira samlingar, aviser, tidsskrift, bøker, handskrifter, noter, bilete, kart, plakatar, film, fjernsyn, musikk og radio syner ein samla kostnad på 140 mill. kroner for perioden 2006-2010. Dei reknar at det trengst "friske" midlar på totalt 62 mill. kroner for perioden 2007-2010.

Kunnskapsdepartementet har til dømes grovt berekna at kostnader ved å kjøpe fri NRK sitt arkivmateriale til bruk i utdanningssektoren vil utgjere om lag 10 mill. kroner.

Arbeidet med auka digital kompetanse i skulen skjer i hovudsak innanfor lokale budsjettrammer. I tillegg kjem særlege løyvingar til bl.a. IKT i utdanninga under Kunnskapsdepartementet sitt budsjett. For 2007 er løyvinga ca. 105 mill. kroner som går til tiltak som program for digital kompetanse. Arbeidet med digital allmenning vil bli vurdert i samband med dei årlege forslaga til statsbudsjett.

Konsekvensar av tiltak i kapittel 5 - forskning og utvikling

Alle tiltak som krev nye pengar, vil bli behandla i dei ordinære budsjettprosessane. Styrking av IKT-forskinga er det føresett skal finne stad ved ei omprioritering innanfor gjeldande budsjetttrammer for forskning. Dette gjeld IKT-forsking generelt, så vel som prioriteringa av IKT-forsking i satsinga på nord-områda.

Konsekvensar av tiltak i kapittel 6 - IKT og næringspolitikk

Verkemiddelapparatet som består av Innovasjon Noreg, SIVA og Noregs Forskingsråd er Regjeringas hovudreiskapar for å bidra til å styrkje konkurranseposisjonen til IKT-næringane, og næringslivets bruk av IKT. Regjeringa ønskjer gjennom bruken av verkemiddelapparatet å stimulere til innovasjon i eksisterande og nytt kunnskapsbasert næringsliv i heile landet. Dette skal skje bl.a. gjennom bruk av forskings- og utviklingskontraktar, etablerarstipend og inkubatorstipend.

Kunnskapsdepartementet sette i 2006 av 25 mill. kroner for å styrkje basiskompetansen i næringslivet. I budsjettframlegget for 2007 har Regjeringa føreslått å auke denne løyvinga til 35,4 mill. kroner. Regjeringa har i budsjettframlegget for 2007 sett av 2,5 mill. kroner til styrking av kapasiteten i UDI til behandling av søknader vedrørande faglært arbeidskraft. I budsjettet er det vidare føreslått at Arbeids- og velferdsetaten blir tildelt 7,5 mill. kroner til arbeidet med å styrkje hjelpa til arbeidsgivarar som ønskjer å rekruttere utanlandsk arbeidskraft gjennom EURES (det europeiske formidlingsarbeidet).

Konsekvensar av tiltak i kapittel 7 - IKT i og med offentleg sektor

For brukaren vil det bli ei vesentleg forenkling der- som alle statlege verksemdar gjer relevante tenester for næringsliv og innbyggjarar tilgjengelege i høvesvis Altinn og Miside. Dei vil då finne "alle tenester på ein stad", og dei må ikkje halde seg til mange forskjellige typar innlogging.

Etablering av overordna arkitekturprinsipp vil gi føringar på korleis sektorar og verksemdar i det offentlege bør innrette sine framtidige IKT-løysingar og elektroniske tenester for å samhandle elektronisk med publikum, næringslivet og med andre offentlege verksemdar. Arkitekturprinsippa vil gi ei meir samordna IKT-utvikling i offentleg sektor, blant anna auke potensialet for gjenbruk og reduserte kostnader.

Bruk av opne standardar legg grunnlag for velfungerande elektronisk samhandling mellom offentlege verksemdar, og mellom offentleg sektor og omgivnadene.

Som ansvarleg for IT-politikken har FAD hovudansvaret for det vidare arbeidet med IT-arkitektur, felleskomponentar og forvaltningsstandardar i offentleg sektor. I dette ligg òg ansvar for å utgreie behovet for endringar av verkemiddelapparatet (styring, finansiering og organisering). Over FAD sitt budsjett skal det

gjerast nærmare konsekvensvurdering som ledd i det vidare utgreiingsarbeidet.

Løysingar med opne kjeldekode gir eit potensial for lågare kostnader.

Konsekvensar av tiltak i kapittel 8 - personvern

I kapittel 8 i meldinga er det føreslått ei rekkje personvernframjande tiltak. Det er lagt til grunn at analysar og tiltak skjer innanfor budsjetta til dei ansvarlege departementa.

Gjennom god ivaretaking av personvernet vil f.eks. folk lettare slutte opp om elektronisk handel og elektronisk forvaltning.

Konsekvensar av tiltak i kapittel 9 - tryggleik

Regjeringa har gjennomgått ansvarsforholda rundt IKT-tryggleiken. Primæransvaret for sikring av informasjonssystem og nettverk ligg hos eigar eller operatør, og ligg innanfor leiingas linjeansvar. Tryggingarbeidet må ivaretakast i dagleg oppgåveløysning og finansierast innanfor rammene for finansiering av den ordinære verksemda. Kvart fagdepartement har eit overordna sektoransvar. Tiltak i sektorane skal finansierast innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Samordningsutvalet for førebyggjande informasjonstryggleik (KIS) har sett i gang eit arbeid med å revidere Nasjonal strategi for informasjonstryggleik.

Stortinget vil bli orientert om hovudpunkta i den reviderte informasjonsstrategien i samband med budsjettframlegget for 2008.

10.2 Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, vil berømme IKT-meldingen for å få fram ressursbehov og satsinger, blant annet for å oppnå bredbånd til alle og prioritering av IKT i FoU og næringspolitikken. I tillegg tydeliggjøres mål og virkemidler for blant annet digital allmenning, digital kompetanse, digital inkludering, samordning av offentlige IKT-prosjekter, personvern og sikkerhet.

Flertallet viser til at framtidige tiltak vil bli fulgt opp og vurdert i de årlige budsjetter, og slutter seg for øvrig til Regjeringens forslag.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen legge frem en melding for Stortinget om status og planer for å styrke IKT-infrastrukturen og opplæringen innenfor IKT i utdanningssektoren. Det er ønskelig at Regjeringen vurderer en norm for maskinpark og nettilknytning for landets grunnskoler og videregående skoler."

"Stortinget ber Regjeringen sikre at alle fremtidige IKT-leveranser til staten er av en standard som sikrer at informasjon som saksdokumenter mv. sikres for ettertiden og senere kan fremhentes på en enkel og rimelig måte."

"Stortinget ber Regjeringen sørge for at kravene i alle fremtidige IKT-leveranser til staten ikke bare formelt, men reelt er av en standard som sikrer at dokumentutveksling kan foregå på tvers, på en enkel måte, og uavhengig av om sender og mottaker bruker ulike leverandører av den relevante programvare. Programvare/applikasjoner må kunne konvertere filformat automatisk."

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre har merket seg at tiltak og planer i meldingen i all hovedsak forutsettes gjennomført innenfor eksisterende budsjettammer. Disse medlemmer mener det er urealistisk. Spesielt fordi man ikke legger opp til en sterkere styring av det offentlige anskaffelser og drift av IKT, men også fordi meldingen setter mange meget ambisiøse mål, herunder i forhold til økt kompetanse hos landets lærere og styrking av IKT-opplæringen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil vise til Fremskrittspartiets forslag om etableringen av et infrastrukturfond på 300 mrd. kroner, hvor 5 pst. av den årlige avkastningen som for IKT-områder på 500 mill. kroner, ville sikret bredbånd av god kvalitet til alle innbyggerne i Norge som ønsket det.

Disse medlemmer vil videre peke på at Fremskrittspartiet i forbindelse med statsbudsjettet i 2007 foreslo å benytte 300 mrd. kroner over utenlandsbudsjettet til investering i IKT-utstyr til universiteter og høyskoler. Disse medlemmer viser til at dette ville bidratt til å gjøre universitetene og høyskolene godt rustet til å møte både dagens og fremtidens ufordringer innenfor IKT-området.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen fremlegge årlig redegjørelse til Stortinget om oppfølging og virkning knyttet til de tiltakene som er omtalt i St.meld. nr. 17 (2006-2007)."

11. FORSLAG FRA MINDRETALL

Forslag fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre:

Forslag 1

Stortinget ber Regjeringen utrede mulighetene for og kostnadene ved frikjøp av resultater av offentlig delfinansiert forskning, som i dag publiseres i lukkede betalingsdatabaser, etter modell av arbeidet med dette innenfor EUs eContentplus-program.

Forslag 2

Stortinget ber Regjeringen, ved eventuell implementering av Datalagringsdirektivet (2006/24/EF), sikre at

dataopplysninger som direktivet pålegger landene å lagre, maksimalt lagres i seks måneder som er direktivets minimumsramme.

Forslag 3

Stortinget ber Regjeringen legge frem en melding for Stortinget om status og planer for å styrke IKT-infrastrukturen og opplæringen innenfor IKT i utdanningssektoren. Det er ønskelig at Regjeringen vurderer en norm for maskinpark og nettilknytning for landets grunnskoler og videregående skoler.

Forslag 4

Stortinget ber Regjeringen sikre at alle fremtidige IKT-leveranser til staten er av en standard som sikrer at informasjon som saksdokumenter mv. sikres for ettertiden og senere kan fremhentes på en enkel og rimelig måte.

Forslag 5

Stortinget ber Regjeringen sørge for at kravene i alle fremtidige IKT-leveranser til staten ikke bare formelt, men reelt er av en standard som sikrer at dokumentutveksling kan foregå på tvers, på en enkel måte, og uavhengig av om sender og mottaker bruker ulike leverandører av den relevante programvare. Programvare/applikasjoner må kunne konvertere filformat automatisk.

Forslag fra Fremskrittspartiet, Høyre og Venstre:

Forslag 6

Stortinget ber Regjeringen legge frem en melding basert på personvernkommisjonens arbeid innen 2 år etter kommisjonens oppnevning.

Forslag fra Fremskrittspartiet og Venstre:

Forslag 7

Stortinget ber Regjeringen legge frem forslag om å lovfeste lovlydige borgeres rett til anonym ferdsel i vegtrafikken.

Forslag fra Fremskrittspartiet:

Forslag 8

Stortinget ber Regjeringen fremlegge årlig redegjørelse til Stortinget om oppfølging og virkning knyttet til de tiltakene som er omtalt i St.meld. nr. 17 (2006-2007)

12. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til meldinga og råder Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

St.meld. nr. 17 (2006-2007) - eit informasjonssamfunn for alle - vedlegges protokollen.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 29. mars 2007

Borghild Tenden
fung. leder

Irene Johansen
ordfører

